



Bryggen i Bergen Foto: O. Bakkebø

FYLKESMANNEN I HORDALAND

ÅRSMELDING 2001

FORORD

Årsmeldinga frå embetet viser breidde og variasjon i oppgåvane våre. Ein viktig del av arbeidet vårt er retta mot kommunane, der vi har viktige oppgåver knytta til lovlegkontrollar, klagehandsaming av vedtak gjort av kommunale organ, tilsyn og kontroll av kommuneøkonomien og andre tilsynsoppgåver. Vi prøver å løyse dei kommuneretta oppgåvane våre på ein smidig måte, mest mogleg ved hjelp av kontakt, dialog og rådgjeving.

Embetet har og ei rekkje utøvande forvaltningsoppgåver innafor landbruk, miljøvern, sosialvesen, familielrett, fri rettshjelp, voldsofferstatningar, kontroll med stiftelsar og mykje anna. Vi legg vekt på rask og effektiv sakshandsaming, samtidig som omsynet til rettstryggleiken krev ei grundig og juridisk korrekt sakshandsaming. Sakshandsamingstida for klagesaker etter plan- og bygningslova vart redusert frå nærmare 9 månadar i 1998 til ca. 4-5 veker i slutten av 2001. Sakshandsamingstida innafor andre saksfelt ved embetet ligg også klart innafor dei krav departementa tilrår. Redusert sakshandsamingstid gir i seg sjølv ein effektiviseringsgevinst som kan frigjere tid til andre oppgåver, m.a. til å auke kvaliteten i sakshandsaminga og rettleiing ovanfor kommunane.

Fylkesmannen er pålagt eit særskilt samordningsansvar. Som eit ledd i dette arbeidet arrangerar embetet ei rekkje fagkonferansar/seminar, og i tillegg til dette, eigne møter med ordførarar og rådmenn i fylket. Dei regionale statsetatane i fylket arrangerar årleg ein konferanse på Solstrand der alle ordførarar og rådmenn i fylket vert invitert. Kommunenes Sentralforbund i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune deltek også på dette møte. Embetet har også eit utstrakt samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og dei statlege etatane om arealplanlegging og arealforvaltning. Embetet er engasjert i fylkeskommunes arbeid med ny fylkesplan.

Embetet har hatt eit godt arbeidsår. Eg takkar mine medarbeidarar for heilhjarta innsats.

Eg takkar også kommunane, Hordaland Fylkeskommune, Kommunenes Sentralforbund – Hordaland, dei statlege etatane og kontaktane våre og samarbeidspartnerar elles for eit godt samarbeid.

Svein Alsaker
fylkesmann

DEL I: INNLEIING

Om årsmeldinga

Årsmeldinga for 2001 følgjer i hovudsak tildelingsbrevet. Vi har lagt vekt på å gi tilbakemelding på dei krav og signal som er gitt under dei einskilde resultatområda. Del I omtalar tverrgåande utfordringar, medan del II omtalar resultatområda.

Nokre avdelingar gir i tillegg meir utførleg rapportering direkte til departement eller direktorat.

Organisasjonsasjonskart



1. VIKTIGE FAKTA OM HORDALAND FYLKE

Folketalet i Hordaland var 01.01.2001 - 438 315 innbyggjarar. Av dette utgjer Bergen 230 993 innbyggjarar, dvs. 52,7 % av folketalet i fylket. Pr. 1/1-1987 var folketalet i fylket 402643 innbyggjarar, jfr. vedlegg "Folketallsutvikling 1987-2001".

Utviklinga av folketalet dei siste tiåra har vore forskjellig i ulike delar av fylket. Det har vore ein vesentleg folkevekst i det nærmeste omlandet til Bergen, dvs. Sotrakommunane, Fjell, Sund og Øygarden, den del av Nordhordland som har kortast reiseavstand til Bergen, Askøy og Os kommune. Denne utviklinga skuldast korte reiseavstandar til arbeidsmarknaden i Bergen, samtidig som det har vore areal for bustadbyggjing.

I Bergen har veksten i folketalet vore noko høgare i prosent enn for fylket samla.

I Hardangerregionen med Voss har det vore ein relativt stor nedgang i folketalet. Dette skuldast fleire forhold som; mindre sysselsetjing i primærnæringane, rasjonalisering i tungindustrien i Odda, Tyssedal og Ålvik og færre offentlege arbeidsplassar på Voss (Forsvaret, NSB m.m.). Det er teikn som tyder på at denne utviklinga for nokre av dei litt større kommunane i regionen er snudd dei siste åra, både Voss og Kvam har hatt ein liten folkevekst frå 1999. Etablering av nye arbeidsplassar er avgjerande for å få ny vekst.

I Sunnhordlandsregionen har det også vore vekst i folketalet, men lågare vekst i prosent enn for fylket samla. Utviklinga har tradisjonelt vore sårbar for aktivitetsnivået innan verftsindustrien, som gjennomfører oppdrag for olje- og gassindustrien. På Stord er det eksempelvis ca. 3000 offshore-relaterte arbeidsplassar.

Det har dei siste tiåra vore ein kommunikasjonsmessig revolusjon med byggjing av vegar, tunnelar og bruer. Olje- og gassverksemda har her spela ein rolle. Dette har ført til at ca. 360 000 mennesker i fylket har ein reiseavstand frå ein time og nedover til Bergen sentrum. Dette har skapt eit sterkt arealpress i omlandskommunane til Bergen, noko utviklinga av folketalet i desse kommunane strekar under.

Tal på kommunar i Hordaland er stort, i alt 33 (frå 01.01.2002 har Ølen gått til Rogaland). I tillegg har Fylkesmannsembetet 8 bydelsadministrasjonar i Bergen å ta omsyn til. Dette skapar eit stort kontrollspenn. Kommunemønsteret er variert frå dei heilt små kommunar til mellomstore kommunar og Bergen. Sjølv om reiseavstanden for store delar av innbyggjarane i fylket inn til Bergen er redusert, er det likevel vesentlege reiseavstandar til dei andre delane av fylket; Hardanger og Sunnhordlandskommunane.

Hordaland – Eit verdiskapingsfylke med stor økonomisk aktivitet

Det er stor økonomisk aktivitet i Hordaland. Viktige delar av olje- og gassverksemda er lokalisert i fylket med m.a. ilandföringsterminalane på Sture, Kolsnes og Mongstad. Vestlandsstyken (dvs. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) - er energikysten. Det er tankevekkjande at 50 mill. menneske i Storbritannia og på Kontinentet dagleg blir forsynt med norsk gass frå dette området. Dette skapar også store beredskapsmessige utfordringar som m.a. blir illustrert av dimensjonane for skipstrafikken.

Målt i lossa tonnasje er Bergen storhamn (Bergen og dei omkringliggjande kommunar) den største hamn i Norden – tre gonger større enn Göteborg og nr. to i Europa – etter Rotterdam. Berre på Mongstad var det i fjor 2125 tankskipanløp.

Hordaland er eit viktig landbruksfylke med ca. 5000 registrerte bønder. Fylket har ein småskalastruktur med ein gjennomsnittleg bruksstorleik på ca. 90 dekar, samanlikna med landssnittet på ca. 130 dekar. For delar av fylket spelar utmarksnæring ein viktig rolle, m.a. Hardangervidda der ca. 65 % av arealet ligg i Hordaland.

Hordaland fylke er også eit av dei viktigaste fylka for fiskeoppdrett. Her har samarbeidet mellom Havforskningsinstituttet, Universitetet i Bergen og næringa hatt ein positiv effekt. Potensialet for vidare ekspansjon er stort. Fylket har også stor kraftintensiv industri og produksjon av El-kraft. I tillegg til dette kjem ein stor fiskeflåte og maritim verksemd elles, m.a. eit sterkt shippingmiljø. Bergen er også eit handels- og finanssenter. Bergen som universitetsby har vore ein viktig medspelar for å styrke Hordaland og Bergen både som kultury og næringsfylke.

Høg økonomisk aktivitet er sterkt medverkande til eit stort arealpress i delar av fylket. Aktiv arealforvaltning er difor eit prioritert satsingsfelt ved embetet.

2. KORT PRESENTASJON AV NOKRE HOVUDUTFORDRINGAR VED EMBETET

Hordaland – flest plansaker i landet

Utviklinga som er omtalt over har ført til at Hordaland har flest plansaker i landet. I 2001 var tal på plansaker 1301 (1093 i 2000), av dette er 850 dispensasjonssaker, 408 reguleringsplanar, 33 kommuneplansaker og 15 konsekvensutgreiningar. Av dei 850 dispensasjonssakene gjaldt 434 dispensasjon frå 100 meterbeltet i strandsona. Embetet fremja motseiingar i 13 saker (11 saker i 2000). Kommunane rettar seg i dei aller fleste tilfelle etter fylkesmannens motseiingar, berre eit fåtal saker kjem til mekling og av desse igjen vert det årleg berre sendt 1-2 saker til Miljøverndepartementet til endeleg avgjerd. Det store tal på plansaker utgjer eit svært sterkt arbeidspress på heile embetet.

Arealforvaltning som satsingsområde ved embetet

Arealforvaltning er eit konfliktfyldt forvaltningsområde med mange aktørar som har ulike oppgåver, rollar og ansvar. Dei mange dispensasjonssakene aktualisera også problemstillinga statleg inngrep opp mot kommunalt sjølvstyre. I vårt fylke har svak og lite oppdatert kommuneplanstatus vore eit stort problem. Embetet har prøvd å ta fatt i nettopp dette og arealforvaltning har difor vore satsingsområde.

Status pr. 01.01.1999 for den kommunale arealdele til kommuneplanen var følgjande:

- 4 kommunar hadde ikkje førstegenerasjons arealdel.
- 2 kommunar hadde ikkje revidert arealdele sidan valperioden 1984-1987
- 11 kommunar hadde ikkje revidert arealdele sidan valperioden 1988-1991
- 11 kommunar hadde ikkje revidert arealdele sidan valperioden 1992-1995
- 6 kommunar hadde ikkje revidert arealdele sidan valperioden 1996-1999

I dag er situasjonen dramatisk forbetra. Dette er uttrykk for eit felles løft i heile embedet med miljøvernavdelinga og lanbruksavdelinga som dei leiande aktørar. Vi har hatt arealforvaltning som hovudtema på ei rekke konferansar og seminar, og også bilateralt med kommunane har vi hatt dette tema oppe. For å betre samarbeidet med kommunane har vi sett i gang eit eige prosjekt "Differensiering av landbruksarealene". Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med 12 kommunar, og skal ende med eit kart i kvar kommune der alt areal er klassifisert som viktige eller mindre viktige landbruksområde. Kommunane er tiltenkt auka vedtaksmyndigheit og større forvaltningsansvar i alle delar av kommunen, bortsett frå dei områda som blir klassifisert som viktige landbruksområde. Målsetjinga er å komme bort frå "konfliktforvaltninga" mellom kommune og stat, og over på ein "vinn-vinn"-situasjon, der begge partar kjem styrka ut.

Kontakt med kommunane

Fylkesmannen ser det som viktig å ha ein tett og god dialog med kommunane. Det grunnleggjande i denne dialogen må vere respekt for det kommunale sjølvstyret, og tru på at kommunane er i stand til å løye eigne saker. Fylkesmannen legg stor vekt på at kommunane skal oppleve fylkesmannen som ein diskusjonspartner og rådgjevar i framkant av ei sak framfor kontrollør i etterkant. Vi meinar sjølv vi har lukkast bra med dette.

Fylkesmannen ser det som ei viktig oppgåve å medvirke til auka interkommunalt samarbeid for å fremje ein meir effektiv tenesteproduksjon. Fylkesmannen er sekretær for eit prosjekt som omfattar alle Hardanger-kommunane samt Kvinnherad. Det føregår også andre interessante interkommunale samarbeidsprosjekt, til dømes i Nordhordlandsregionen og mellom kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio.

Fylkesmannen har fleire arenaer for kontakt med kommunane. Vi nemner mellom anna tilsyn, meklingar, kontakt i enkeltsaker, møter med enkeltkommunar og fellesmøte med alle kommunane, for eksempel Solstrandsamlingen (årleg fellesmøte mellom statsetatane og kommunane i Hordaland), samt eit stort antall kurs og seminar for kommunane.

Fylkesmannen har oppretthalde ordninga med å sende individuelle budsjettbrev til alle kommunar. I brevet blir det gitt ein tilbakemelding på kommunen sin økonomiske situasjon slik fylkesmannen ser det. Breva er meint som eit hjelpemiddel for kommunane i deira økonomiske planlegging og styring, men har også verdi for embetet som grunnlag for tildeling av skjønnsmidlar.

Ti kommunar er undergitt forsterka kontroll av fylkesmannen, dvs. lovlegskapskontroll av budsjettet og avgrensa godkjenning og kontroll av lån og langsiktige avtalar.

Ettersom det er 33 kommunar i fylket seier det seg sjølv at embetsleiinga ikkje maktar å besøke alle kommunane i løpet av eit år. Vi har likevel som mål å avgelge besøk i alle kommunane i løpet av ein 3 års periode. På desse møta får kommunane høve til å presentere seg med dei utfordringane dei står ovanfor, på ein brei og god måte. Kven som deltek og kva tema vi tar opp varierar frå kommune til kommune, alt etter kva saker som er aktuelle for den enkelte kommune. Fylkesmannen opplever slike møter som svært nyttelege. Dersom det elles er saker ein kommune ønskjer å ta opp med fylkesmannen strekker vi oss langt for å rydde plass til eit møte.

Vi vil elles nemne at vi har oppretta eiga side på Internett der viktig informasjon av allmenn interesse for kommunane blir lagt ut. Fylkesmannen gir også ut to fagtidsskrift; "Grøn Mix" som blir produsert av landbruksavdelinga, og "På Hordavis" som blir produsert av sosial- og familieavdelinga. Gjennom desse tidsskrifta formidlar vi faglege artiklar og anna nytlig informasjon til kommunane og andre interesserte.

Som ledd i samordningsarbeidet held fylkesmannen tre møter for året med leiarane for dei andre statsetatane i Hordaland. På desse møta tar vi opp saker av felles interesse, og ofte gjeld dette saker vedrørande statens forhold til kommunane. Alle statsetatane står som medarrangørar for Solstrandsamlinga, som er ein møtestad mellom regionale statsetatar og kommunane i Hordaland. Fylkeskommunen, KS og regionråda er også med på denne samlinga.

DEL II: VIKTIGE UTFORDRINGAR FOR EMBETA

Fylkesmannen har eit særskild ansvar for å skape heilskap og samanheng i forvaltninga samt leggje til rette for konstruktiv og god samhandling mellom kommunane, fylkeskommunen, regional stat, publikum og næringsliv.

Vi er bedt om å gje ei kort tilbakemelding på kvart av underpunktene i kapittel 2 i tildelingsbrevet for 2001.

2.1 Styringsdialogen med kommunane og kommuneøkonomi

Fylkesmannen har arbeidd med å vidareutvikle kontakten og dialogen mellom regional statsforvaltning og kommunane. Vi opplever at dialogen mellom regional stat og kommunane er god. Vi har fleire arenaer for kontakt med kommunane, både einskildvis, i grupper og samla. Vi har så langt det var mogleg freista å gje balansert informasjon, som også seier noko om kva fridom kommunane har ved iverksetjing av statleg politikk.

Både fylkesmannen og fylkeslegen har brukt tid på informasjon, opplæring, rettleiing og oppfølgingsoppgåver i samband med innføring av KOSTRA som rapporteringsverktøy i alle kommunar. KOSTRA var frå og med 2001 obligatorisk for alle kommunar. Det er ikkje sendt forventningsbrev til kommunane i Hordaland. Vi har vald å bruke budsjett og økonomiplanar som innfallsvinkel for formidling av styringssignal.

Fylkesmannen har vidareført arbeidet med oppfølging av lokal Agenda 21. Vi registrerer eit stort behov for opplæring innan miljøområdet, men knappe ressursar har gjort at vi ikkje har kunna tilby ei opplæring vi meiner er tilstrekkelig på dette området.

Rådgiving og rettleiing av kommunane innan miljø og landbruksområdet er ivaretake gjennom møter, kurs og direkte kontakt med sakshandsamarar.

2.2 Tilsyn, kontroll og rettstryggleik

Fylkesmannen har vidareført prosjektet som går på innføring av tilsyn etter internkontrollmetodikk. Nye etatar har fått opplæring og er klare til å ta metoden i bruk. Prosjektet "Samordning av statleg tilsyn ovanfor kommunane" har som siktet mål å opparbeide god kompetanse på tilsynsmetodikk og revisjonsleiing, samt å oppretthalde talet på revisjonar og auke talet på inspeksjonar.

Fylkesmannen har, i samarbeid med utdanningskontor og fylkeslege, vidareført prosjektet med innføring av tilsyn etter internkontrollmetodikk (systemrevisjon). Opplæring i og utprøving av tilsyn etter denne metoden er i 2001 gjennomført på fleire nye saksfelt, både for å hauste erfaring og å utvikle kompetanse på tilsynsmetodikk og revisjonsleiing. Med økonomisk støtte frå Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) har vi (utdanningskontor/fylkesmann) utarbeidd ein rettleiar for Statens utdanningskontor sine tilsyn etter opplæringslova. Vidare har vi utarbeidd eit program for opplæring av regional stat for Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD). Med støtte frå Barne- og familidepartementet (BFD) har vi sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av rettleiar i tilsyn på barnehagesektoren. Samarbeidande etatar har elles oppretta eit tilsynsforum, som skal medverke til fellesløysingar både metodisk og med omsyn til opplæring. Samarbeidet har og resultert i etablering av ein felles tilsynsdatabase og ein felles tilsynskalender.

Fylkesmannen har eit særskild ansvar for å sikre at den kommunale sakshandsaminga tek i vare krava til rettstryggleik for einskildmenneske, under dette informasjon og rettleiing.

Vi har handsama 3 saker etter offentleglova, samt at det er gjeve råd og rettleiing til kommunar og publikum. Vi har ikkje hatt saker etter forvaltningslova til handsaming, men det er brukt mykje tid på rådgjeving og rettleiing av kommunar og publikum.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn ved 44 barnevernsinstitusjonar. Tilsaman er det utført 107 tilsyn. For nærmere informasjon om dette sjå resultatområde 45 i del 3.

Fylkesmannen skal ha tilsyn med kommunane sine vedtak etter sosialtenestelova. I tillegg til å handsame klagar er det brukt mykje tid på råd og rettleiing til kommunane både munnleg og skriftleg.

Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med barnehagar. I oktober vart det starta opp eit prosjekt der vi skal prøve systemrevisjon som tilsynsmetode. I tillegg til tilsyn har fylkesmannen hatt ei rekke samlingar og samarbeidstiltak retta mot barnehagesektoren.

Saker etter plan- og bygningslova utgjer ein vesentleg del av saksmengda. Saksmengda ser ut til å auke kvart år. Av dei sakene vi handsama i 2001 vart 84 % av vedtaka stadfesta, medan 18 % av vedtaka vart endra eller oppheva og sendt attende for ny handsaming i kommunen.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å sjå til at den kommunale sakshandsaminga er korrekt, og at skjønn vert nytta på ein forsvarleg måte. Som ledd i dette arbeidet vart det halde eit arealforvaltningsseminar. Seminaret hadde god oppslutning frå kommunane.

Fylkesmannen har ført tilsyn med kommunane sitt tryggleiks- og beredskapsarbeid gjennom møter, øvingar og vanleg tilsyn.

2.3 Velferd og personretta tenesteyting

Fylkesmannen har bruk tid på rettleiing av kommunar, kompetanseheving i den kommunale sosialtenesta, samarbeid og informasjon, med sikte på å nå dei sosialpolitiske måla som regjeringa har signalisert.

2001 var siste året med øyremerka tilskot under handlingsplan for eldreomsorg. Fylkesmannen har i samarbeidd med fylkeslegen følgd opp planen internt i fylket. Sjå nærmere omtale under resultatområde 71 i del 3.

Programmet "Kunnskap og brubygging" er gjennomført i samsvar med retningslinene frå departementet. Fylkesmannen er nøgd med resultata av dette arbeidet så langt.

Fylkesmannen og fylkeslegen har samarbeidd om gjennomføringa av handlingsplan for helse- og sosialpersonell. Det er utført rådgjeving og rettleiing i samsvar med krav frå departementet.

Fylkesmannen har arrangert barnehagepolitisk konferanse, samt ei rekke andre møter og konferansar innan barnehageområdet.

2.4 Regional planlegging og arealpolitikk

Ansvar for koordinering av saker etter Plan- og bygningslov (PBL) er lagt til miljøvernnavdelinga. Saksmengda gjer at dette er eit ressurskrevjande arbeid. Vi hadde omlag 1300 plansaker, mengda er aukande for kvart år. Av dei innkomne sakene er 815 dispensasjonssaker, omlag halvparten av desse gjeld strandsona.

Fylkesmannen har også i 2001 hatt fokus på arealpolitikk og dispensasjonspraksis i kommunane. Eit hovudmål i arbeidet er å sikre areal som gjev grunnlag for varig landbruksproduksjon, samt at ressursane vert forvalta på ein måte som fremjar verdiskaping, busetting og sysselsetjing. Fylkesmannen har eit særskild fokus på kommuneplanane. Fylkeslandbruksstyret vedtok ein ny strategi for praktisering av skjønn i arealforvaltingssaker. Det vart og arrangert eit arealforvaltningsseminar for kommunane.

Fylkesmannen mottekk mange søknader om dispensasjon i strandsona. Det er ei stor utfordring å makte å påverke kommunane til å verne om strandsona, slik at den kan vere til fri disposisjon for innbyggjarar og tilreisande i kommunane.

Landbruks- og miljøvernnavdelinga har samarbeidd aktivt for å få i stand ei felles geodata forvaltning og kompetanseheving i bruk av eigne databasar kopla mot geografisk informasjon.

Fylkesmannen har sett til at kommunane har teke godt nok omsyn til krava om risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegging etter plan- og bygningslova.

2.5 Nærings- og regionalutvikling

Landbruket i Hordaland står ovanfor store utfordringar med tanke på krav om omstilling. Færre brukarar og fallande lønsemd gjer at vi må tenkje nytt og alternativt for å oppretthalde eit økonomisk levedyktig landbruk som igjen legg grunnlaget for levande bygder. Landbruksavdelinga arbeider difor for å auke verdiskapinga i landbruket og skogbruket. Ei anna oppgåve er å gi jordbruksarealet større vern, samt styrke produksjonen av miljø- og kulturgoder. Vi arbeidar og for å gjere busetjinga på bygdene meir livskraftig.

Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond (SND) og landbruksavdelinga har utvikla ein felles strategi for bruken av Bygdeutviklings(BU)-midlar i fylket. Sentrale føringar i Strategisk næringsplan for Hordaland er lagt til grunn for strategien. For nærmare omtale sjå resultatområde 21, i del 3.

Innan området kulturlandskaps- og miljøarbeid i kommunane var det stor aktivitet. Også dette er nærmare omtala under resultatområde 21, i del 3.

Det vart sett i gang eit treårig prosjekt som går ut på å gjere bioenergi til ein sentral del av energiforsyninga. Skogeigarlaget Vest gjennomfører prosjektet. Vidare er det starta arbeid med miljøregistreringar som ein integrert del av skogbruksplanlegginga. Det vert nytta ein metode som er utvikla av Skogforsk si avdeling i Fana.

2.6 Beredskap

Fylkesmannen har fått ansvaret for arbeidet med å redusere sårbarheit i samfunnet som ei av oppgåvene. Vi tek i vare denne oppgåva gjennom aktiv dialog med kommunane, gjennom tilbakemelding til kommunane i samband med utarbeiding av kommunale planar og ved tilsyn.

Eit av siktemåla med arbeidet innan beredskapsområdet er å betre samfunnet si emne til å handtere kriser. Det vert difor gjennomført øvingar der kommunane trenar på dette med krisehandtering. Det er også laga beredskapsplanar og samarbeidsfora med tanke på å betre emna til krisehandtering. Dette er nærmare omtala under resultatområde 56, i del 3.

DEL III: OMTALE AV OPPGÅVER KNYTTA TIL DEI EINSKILDE DEPARTEMET

1. Oppgåver på Miljøverndepartementet sitt område
2. Oppgåver på Landbruksdepartementet sitt område
3. Oppgåver på Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt område
4. Oppgåver innafor Barne- og familidepartementet sitt område
5. Oppgåver innafor Justisdepartementet sitt område
6. Oppgåver på Kommunal- og regionaldepartementet sitt område
7. Oppgåver på Sosial- og helsedepartementet sitt område
8. Oppgåver på Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet sitt område

III-1. OPPGÅVER PÅ MILJØVERNDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE**Resultatområde 1 – Vern og bruk av biologisk mangfald****Dokumentasjon av biologisk mangfald**

21 kommunar har fått støtte til kartlegging av biologisk mangfald. 2 kommunar er så langt ferdige med naturtypekartlegginga, men prosessen er også godt i gang i dei fleste av dei andre kommunane. Ei fullføring av førstegongs kartlegging for alle 34 kommunane i fylket innan år 2003 er urealistisk med dagens ressurstilgang, kapasitet og framdrift.

Rovvilt

Miljøvernnavdelinga og landbruksavdelinga har etablert rovviltnutval i fylket. Forslag til forvaltningsplan for store rovdyr er utarbeidd.

Viltforvaltning generelt

Naturbasen er oppdatert på vilstsida, med unnatak av viltopplysninga i kommunar som nyleg har gjennomført viltkartlegging (og der kvalitetssikringa enno ikkje er fullført) og ein del punktobervasjonar av raudlisteartar.

21 av fylket sine 34 kommunar har fått støtte til viltkartlegging. Av desse er 11 ferdige med digitale kart, men utan rapportdelen. Hovudårsaka til dette er ressurs- og kompetanseproblem i kommunane. Fylkesmannen vil i tida framover ha som mål at alle kommunane som har gjennomført viltkartlegginga, i tillegg til digitale kart, skal utarbeide ein informativ rapport om viltet i kommunen. Der det er behov for det, satsar vi på å yte kommunane ein god del praktisk hjelpe til fullføring av denne rapporten.

Vi ventar på ny fallviltforskrift. Fallviltdatabasen er ajour.

I Fjellheimen villreinområde vart det utført kalveteljing på våren og framlegg til driftsplan er utarbeidd, men førebels ikkje godkjend av villreinnemnda. For reinflokken på Oksenhalvøya vart det utført strukturteljing.

Det er føreteke opprydding i regelverket vedr. Forskriftene om minsteareal for jakt på hjortevilt. Det er saman med Direktoratet for Naturforvaltning (DN) halde kurs i viltforvaltning for kommunane i fylket. Fylkesmannen har elles hatt nært samarbeid med Driftsplanprosjektet i regi av Hordaland Bondelag om ei driftsplanbasert, lokal vilt- og fiskeforvaltning. Tilskotsmidlar er fordelt til kommunar og enkeltsøkjarar.

Sjøfuglregistreringar

Arbeidet med kartlegging av overvintrande sjøfuglbestandar vart vidareført. Dette er eit samarbeid mellom fylkesmennene på Vestlandet, finansiert av sentrale aktørar i oljenæringa, fylkesmennene, Direktoratet for Naturforvaltning og Norsk Institutt for Naturforskning. Prosjektet har klårlagt at vestlandsstyken har viktigare funksjonar som overvintringsområde enn det som frå før var kjent.

Laks og innlandsfiske

Miljøvernnavdelinga har arbeidd aktivt for å sikre gjenverande ville laksbestandar i Hordaland. Mellom anna har vi samarbeidd med ein komite av forskrarar som DN sette ned, for å vurdere situasjonen for bestanden av villaks i Hordaland og Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at situasjonen ser kritisk ut for dei fleste bestandane, på tross av at innsiget i år har vore godt i nokre vassdrag. Lakselus og rømt

oppdrettsfisk må ta hovuddel av skulda for at andelen villaks i gytebestandane har vore svært låg i så å sei alle bestandane i siste halvdel av nittitalet.

Vi har arbeidd aktivt med å revidere reguleringane av fisket i elv og sjø, og tilpasse dette til den dramatiske stoda for laksebestandane som den nemnde forskarkomitéen skildrar i sin rapport. Arbeidet med å initiere forsking som kan finne årsaka til Vossolaksen sin dramatiske tilbakegang, og sette inn tiltak, har vore intensivert. Eit prosjekt for betring av tilhøva for fisk i regulerte vassdrag, vart sett i gang. Dette vert gjennomført og finansiert i samarbeid med regulantane. Fiskefondsmidlane er fordelt til kommunar og enkeltsøkjarar.

Kalking

I Hordaland er kalking framleis koordinert av miljøvernavdelinga. I fylket er det lagt stor vekt på oversiktplanlegging for å løyve pengar til dei prosjekta som er økonomisk og økologisk mest optimale. Det er også lagt stor vekt på biologisk oppfølgjing for å kontrollere at måla vert oppnådd i prosjekta.

Avdelinga forvalta 4 mill. kroner til kalking i lokale prosjekt. Det vart kalka i om lag 70 lokalitetar, i tillegg er bygging av kalkdoserar i Uskedalselva starta opp. Denne doseraren vil bli sett i drift våren 2002. Avdelinga forvalta i tillegg 3,5 mill. kroner til drift av kalkdoserarar i Vossavassdraget, Eksingedalsvassdraget og Frøysetvassdraget.

Oppdrett

Samarbeidet *Kommunikasjonsprogrammet i Hordaland* vart vidareført. Dette var eit initiativ for å betre det forvaltningsmessige samarbeidet mellom Fiskeridirektoratet sitt regionkontor, Fylkesveterinæren og Fylkesmannen. Forvaltningsmessige møte for å drøfte oppdrettsproblemstillingar vart haldne jamleg, både på leiar- og sakshandsamarnivå.

Lakselus og røming av oppdrettsfisk er framleis store miljøutfordringar i Hordaland. Samordna avlusing for Vestlandsfylka er avgjerande for å gje gode tilhøve for utvandrande laksesmolt.

Verneplanarbeid og forvaltning av verna område

Vi medverka til slutføring av arbeidet med ny forvaltningsplan og ny verneforskrift for Hardangervidda med tilhøyrande landskapsvernombord (LVO). Det vart halde møte for Ordførarutvalet i regi av DN, samt at Fylkesmannen arrangerte fellesmøte for forvaltningsutvala og fylkesmenn.

Det er utarbeidd skjøtselsplanar for dei fleste barlind-/ kristtornområda, mellom anna for å lette arbeidet i det pågående erstatningsoppgjeret. Fylkesmannen har assistert regjeringsadvokaten i erstatningsfasen.

Av skjøtsels- og informasjonstiltak, er det særleg jobba med Kalandsvika (tilrettelegging), Skogafjellet (Parkering), Rambjøra LVO (skjøtsel og tilrettelegging), Berge LVO (trepleie og generell skjøtsel), Bjellandsvatnet (fugletårn m.m.), Fedjemyrane (skjøtsel) og Vinnesleiro (Tursti m/ info.).

Rapporten for registreringane i samband med barskogplanen vart ferdigstilt. Vidare vart det utarbeidd fagrappport (suksesjonsstudier) og lagd info-materiell for Hopsjellet.

Arbeidet med makebyte er vidareført, der dette er aktuelt. Eit fullstendig fotoarkiv over alle verneområda er under utarbeidning.

Verneplanarbeid for Folgefonna nasjonalpark

Arbeidet har i hovudsak dreidd seg om å ferdigstille forslaget til utgreingsprogram for konsekvensutgreiinga. I samband med dette er det gjort ein del kompletterande undersøkingar. Vidare er det veklagt å halde oppe det gode samarbeidet med referansegruppa, kommunar og andre aktørar. Det er utarbeidd kart over ulike utgreingsalternativ og internett-sider for verneplanarbeidet er gjort klart til utlegging tidleg i 2002.

Vassdragsforvaltning

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) - Førde arrangerar kvart år regionale samlingar for Vestlandsfylka. Denne forma for samarbeid er svært nyttig.

Vi har gitt uttale i konsesjonssaker for 2 større vasskraftreguleringar og ei tilleggsutbygging. I tillegg har vi gitt uttale til NVE i 12 generelle vassdragssaker og i samband med 8 søknadar om å få byggja mikrokraftverk i Hordaland.

Miljøvernnavdelinga har for tida under utarbeiding 5 vassdragsrapportar til Samla Plan. Det er venta at desse rapportane vert sende til DN våren 2002. Det er gitt svar på 1 søknad om fritak for handsaming etter Samla Plan.

Miljøvernnavdelinga har medverka ovanfor DN/ NVE i arbeidet med å lage utkast til Utvida Verneplan for vassdrag

Verdier i Verna Vassdrag (VVV)-rapportar for 21 av fylket sine 22 verna vassdrag er ferdig i manusform. Rapportane vil bli trykt/lagt ut på Internett i løpet av 2002. Arbeidet med VVV-rapport for det siste verna vassdraget i Fylket (Yndesdalsvassdraget) vart starta opp i 2001. Rapporten vil ligge føre våren 2002.

Talet på søknadar om utviding av settefiskanlegg aukar. I perioden 1998-2001 har miljøvernnavdelinga hatt 28 søknadar om utviding av settefiskanlegg til handsaming. 18 saker har involvert NVE.

Naturoppsyne

Vi har eit godt samarbeid med Statens naturoppsyne (SNO) i Hordaland. Når det gjeld Hardangervidda spesielt ser vi ein trond for satsing på informasjon gjennom bruk av SNO. Elles er det etablert kontraktar for og gjennomført oppsyn i dei aller fleste av dei øvrige 146 verneområda vi har forvaltningsansvar for.

Det nære samarbeidet med Bergen og Omland Friluftsråd om oppsyn i nokre sjøfuglreservat er ført vidare. Det same gjeld Kystvakta og Politiet.

Resultatområde 2 - Friluftsliv

Miljøvernnavdelinga medverkar aktivt i arbeidet med fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Tilknytingspunktene til førebyggjande tiltak for å styrke folkehelsa er tydeleg i planarbeidet. Ein liten del av midlane til sikring av friluftsområde gjekk i år til Hordaland. Det vert arbeidd aktivt for å sikra fleire friluftsområde i fylket. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen oppfordra kommunane til å føreslå nye område for sikring, som ein del av det landsdekkjande prosjektet i regi av Friluftsrådenes Landsforbund.

Resultatområde 3 – Kulturminne og kulturmiljø

Miljøvernnavdelinga, landbruksavdelinga og Kulturlandskapsgruppa ga saman ut brosjyren; Verdfulle kulturlandskap frå hav til fjell, ein statusrapport med framlegg til oppfølgjing av dei nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskapsområda i fylket. Fylkesmannen har elles eit særskilt godt samarbeid med Hordaland Fylkeskommune – Kulturseksjonen. Vi vil særleg trekkje fram den gode dialogen om handsaming av byggesaker etter verneforskriftene, innan verneområda generelt og Hardangervidda spesielt. Miljøvernnavdelinga har også delteke i programkomitéen for prosjekt; Bærekraftig Næringsutvikling i Lokalsamfunna, der miljø- og kulturbasert næringsutvikling er tema.

Resultatområde 4 – Overgjødsling og oljeforureining

Kommunalt avløp

Miljøvernnavdelinga har ikkje revidert noko utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn dette året. Det er gitt uttale for totalt 15 saker om utsleppsløyve til kommunane i samsvar med Forskrift om utslipper fra indre avløpsanlegg og det er handsama 2 saker om utsette fristar for tiltak på avløpssektoren. I hovudsak er oppryddinga på avløpssektoren gjennomført for Hordaland.

Miljøvernnavdelinga har informert alle kommunane om dei nye retningslinene for fylkesmannen si handsaming av kommunale utsleppsløyve og EU-direktivet for avløp.

Havbruk

Produksjon av laks eller aure har auka frå ca. 300 tonn fisk til ca. 6-700 tonn pr. år i 12 000 m³ anlegg. Fôrvoten (for laks) pr. konsesjon har gått opp frå 300-350 tonn pr. år til 800 tonn. Dette gir auka utslepp. Den nye situasjonen har medført eit stort press på den daglege sakshandsamingskapasiteten. Miljøvernnavdelinga har gitt uttale/utsleppsløyve til søknadar. Vidare har vi arbeidd med å balansere akvakulturinteresser mot andre interesser i kommunale planar. Overvakingsintensiteten vart auka ein del, men er framleis for låg.

Landbruksforeining

Miljøvernnavdelinga og Landbruksavdelinga samarbeidde om uttale til delegeringsforslaget med overføring av landbruksforskriftene i kommunane.

Overvaking

Statens Forureiningstilsyn (SFT) løvvde midlar til å føre vidare arbeidet med å få oversikt over vasskvaliteten i utvalde vassdrag i fylket. Det er i 1999/2000 utarbeida rapport som skildrar 26 utvalde vassdrag på tema som næringssalt, organiske stoff, forsurande stoff, partiklar og tarmbakteriar. Dette arbeidet vart ført vidare i 2001.

Sesam

Alle modulane i Sesam er rimeleg godt oppdaterte .

Beredskap mot akutt forureining

Miljøvernnavdelinga arbeidar for å utvikle digitale sårbarheitskart for Interkommunalt utval for akuttforureining (IUA). Arbeidet er kome lengst i IUA Nord-Rogaland og Sunnhordland. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Rogaland og Hordaland.

Resultatområde 5 - Helse- og miljøfarlege kjemikalier

Forureina grunn og sediment

SFT har sett av midlar til eit forprosjekt for hamneforureining i Bergen hamn og for statleg deltaking i sjølvé utarbeidinga av tiltaksplanen i 2001 og 2002. Midlane vil dekkje ca. 1/3 av utgiftene. Fleire partar vil bli invitert til eit spleislag i denne planprosessen, som Bergen kommune, Bergen og Omland Havnevesen, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) og Forsvaret.

Fana Stein og Gjenvinning (FSG) har søkt om å etablere deponi i fjell for slagg frå forbrenningsanlegg og forureina jord. KU for alle aktivitetane i Rådalen i samband med all avfallshandsaming vart starta opp.

Resultatområde 6 - Avfall og gjenvinning

Avfall og gjenvinning

Fylkesmannen har bedt kommunane prioritere arbeidet med avfallsreduksjon. Fleire kommunar/avfallsselskap har nå vedtatt å utarbeide eigne strategiplanar for avfallsreduksjon. Dette arbeidet vart starta opp i 2000 og vidareført i 2001

Ny forskrift for handsaming av bygge- og rivningsavfall vart utarbeidd, men er enno ikkje vedteken. Denne forskriften kan den einskilde kommune innføre dersom dei ynskjer det, men fylkesmannen vil oppmode alle kommunane til å gjere dette.

Deponiforskrifta vart ikkje vedteken. Den skulle vore vedteken innan 01.07. Avdelinga har elles medverka i arbeidet med fjernvarmeframføring frå forbrenningsanlegget i Rådalen og har initiert ei særskilt satsing på innsamling av PCB-haldige vindauge. Det er arrangert seminar om handsaminga av PCB-haldig bygge- og rivningsavfall.

Spesialavfall

Alle kommunar har for lengst etablert mottaksanlegg/ innsamlingsordningar. Det er i dei siste åra gitt løyve til fleire nye innsamlarar i fylket.

Resultatområde 7 - Klimaendringar, luftforureining og støy

Lokal luftforureining og støy

Vi har mottatt rapport om kartlegginga frå alle anleggseigarane som grenseverdiforskrifta vil gå ut over. Rapportane har ulik kvalitet og detaljane vil bli rapportert til SFT.

I regi av Fylkesmannen har *Forum for lokal luftforurensning og støy* 3-4 møter kvar vintersesong. Dette er ein møteplass som sikrar informasjonsutveksling og samarbeid mellom anleggseigarane og miljøvernforvaltninga. Ordninga er vidareført. Avdelinga har elles måttå gå inn i ein del nye saker vedr. anleggsstøy.

Resultatområde 8 - Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, nord-/polarområda

Direktoratet for naturforvaltning har sidan 1991 koordinert eit institusjonelt miljøsamarbeid med Indonesia. Dette samarbeidet er basert på eit Memorandum of Understanding frå 1990, inngått mellom det norske og det indonesiske miljøverndepartementet. Vi vart i 2001 vald ut som regionalt samarbeidsorgan for eitt av delprosjekta, der hovudtemaet er kystsoneforvaltning og –planlegging.

Resultatområde 9 - Regional planlegging

Overordna grep om oversiktsplanlegging og enkeltsaker etter plan- og bygningslova

Miljøvernavdelinga har eit overordna ansvar for alle plansaker på embetet. Det vart handsama 1300 plansaker, også dette året ein auke på om lag 25 – 30% frå året før. Det er ikkje samsvar mellom saksmengde og kapasitet innafor dette feltet. Enkeltsaker er nedtona. Arbeidsbyrda har medført at det har vore uråd å følgje opp alle dispensasjonssaker.

Fylkesplanar, regionalt samarbeid og kommuneplanlegginga

Fylkesmannen har delteke i pågåande fylkesdelplanprosessar og dessutan satsa på å møte utvalde kommunar; administrasjon og politikarar direkte for å drøfte konkrete problem knytt til gamle kommuneplanar og uheldig dispensasjonspraksis.

Dispensasjonar

Også i 2001 har talet på dispensasjonssaker auka. Det blei handsama 815 dispensasjonssaker siste året. 434 av desse gjeld strandsona. Miljøvernavdelinga har gjennom fleire medieoppslag medverka til å synleggjera nedbygginga av strandsona og statlege forventingar til kommunane på dette feltet. Saman med Hordaland Fylkeskommune og KS arrangerte vi hausten 2001 planseminar for kommunar og private aktørar, der kystsoneforvaltning, herunder innskjerping av dispensasjonspraksis i strandsona var eit hovudtema.

Samordna areal- og transportplanlegging, jordvern og grønstruktur

Miljøvernavdelinga arbeider kontinuerleg og aktivt mot kommunar, fylkeskommune og vegetat for å formidle statleg miljøpolitikk på samferdselsektoren.

Biologisk mangfold

I samband med pågåande kommuneplanprosessar har vi gjennomført ein grundig gjennomgang av status på biologisk mangfold i dei enkelte kommunane, for å sikre at våre naturdata reelt sett påverkar planlegginga.

Elvedelta

Det vart føreteke ei nærmare vurdering av dei viktigaste elvedelta i fylket og det vart gjennom dette gjeve innspel til oppdatering av den sentrale databasen

Barn- og unge

Vi har ei god oppfølgjing av dette temaet i enkeltsaker, primært gjennom medverknad i planprosessar samt klagar og innvendingar i enkeltsaker.

Inngrepstilfelle naturområde

Datasettet er oppdatert og installert, og vert brukt i sakshandsaminga.

Resultatområde 10 - Kart og geodata

Avdelinga har halde oppe nivået i arbeidet med vidareutvikling av eksisterande geodatasett og med å

gjere desse tilgjengelege for bruk i sakshandsaminga. Alle avdelingane ved embetet har gått saman om å finansiere ei stilling innafor utvikling og bruk av geografiske informasjonssystem (GIS). Digitaliserte naturdata er oversendt distribusjonsdatabasen til Statens Kartverk (SK) Hordaland i samsvar med fylket sin Arealis-avtale. Vidare arbeid med plandata innafor Arealis, er inkludert i GEODATA-planen for Hordaland som vert administrert av SK Hordaland.

Organisasjon og økonomi

Talet på årsverk ved Miljøvernavdelinga er redusert med 20 % dei siste 4 åra. Dette har skjedd trass i at fleire nye og arbeidskrevjande oppgåver er tilført avdelinga utan at ein i særleg grad har kunna kvitte seg med andre saker, jf. forseinking i delegeringsprosessen til direktorata. Avdelinga har prøvd å tilpasse seg tilhøva ved rasjonalisering og sterkt nedprioritering av enkelte saksområde. Avdelinga satsar bevisst på dei nasjonalt prioriterte områda som har innverknad på vår arbeidsdag i fylket. Her kan nemnast arealforvaltning inkludert kart og geodata, miljøfarlege kjemikalie, regional planlegging inkludert vassdrag, interaksjon mellom oppdrett og villfisk og hamneforereining.

Dei tildelte ressursane har ikkje på noko måte stått i forhold til behova på desse områda. Situasjonen mellom faglege utfordringar og økonomi kan best skildrast som vanskeleg.

Informasjon som virkemiddel

Miljøvernavdelinga har etablert eigne internetsider <http://www.fylkesmannen.hi.no/mva/> der ulike nyheiter og regelverk vert lagt ut.

III-2. OPPGÅVER PÅ LANDBRUKSDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Resultatområde 21 - Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling

Jordbruk

Landbruket i Hordaland slit med nokre negative trekk som fallande lønsemd og færre brukarar og står framfor store utfordringar med store krav til omstillingar. For å møte desse utfordringane har Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og landbruksavdelinga laga ein felles strategi for landbruket i fylket.

Vi har sett kva som kjenneteiknar landbruket i Hordaland og utviklinga som har vore dei siste 10 åra:

- Reduksjon i tal bruk med om lag 140 årleg til 5.100 bruk i år 2001. Den største reduksjonen er i dei ytre kystkommunane.
- Stadig meir av arealet som vert drive er leigd areal, utgjer no 1/3.
- Hordaland har dei minste bruken i landet og kjem difor dårleg ut når tilskotta i større grad skal gå til dei større bruken.
- Reduksjon i tal dyr gjer at det vert mindre dyr på beite til å oppretthalde det opne kulturlandskapet.
- Økonomien i næringa er blitt dårlegare og inntekta utanom garden har blitt stadig viktigare.
- Førstehandsverdien for jordbruket i Hordaland er utrekna til å vere om lag 1,3 mrd kroner.

Vi har tru på at vi innafor gjeldande politikk kan vere med på å kjempe for eit levende og kraftige landbruk og bygder i heile fylket framover. For å nå dette overordna målet vil vi satse på tre hovudstrategiar:

1. Vi vil auke verdiskapinga i landbruket i Hordaland
2. Vi vil gi jordbruksarealet i fylket eit sterkare vern, og styrke produksjonen av miljø- og kulturgode
3. Vi vil arbeide for å vitalisere busetjinga på bygdene i fylket.

Landbruksplan er ein 5 årleg strategi og vi vil i løpet av denne perioden prioritere tiltak som støttar opp under dei tre hovudstrategiane.

Bygdeutviklingsmidlane (BU)

Hordaland fekk løyvd 5,2 mill kroner til utreiing og tilrettelegging. Desse midlane er i sin heilskap løyvd til prosjekt.

SND og landbruksavdelinga har ein felles strategi for BU-midlane i fylket. I strategien for BU-midlane har vi tatt utgangspunkt i dei sentrale føringane som er gitt og den Strategiske næringsplanen for Hordaland som er vedteken. Det gjer at vi har ein strategi som har god forankring i det øvrige arbeidet som vert drive med næringsutvikling i fylket. I tillegg har Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og landbruksavdelinga laga ein landbruksplan for fylket. I tilknyting til denne planen er det laga ein tiltaksplan kor ein del av tiltaka er finansiert med BU-midlar.

Utviklingsmidlane

I tillegg til dei 5,2 mill kroner er det inndrege kr 316.776,- som er løyvd til nye prosjekt, totalt løyvd til nye prosjekt kr 5.516.776,-. Fordelinga av løvinga er slik i kr og tal prosjekt:

• Praktikant ordninga	909.386,- kr	26 stk
• Utviklingsretta tiltak	4.607.390,-kr	26 stk

I følgje vår strategi skal utviklingsmidlane vere med å legge til rette for næringsutvikling i tilknyting til landbruket. Midlane skal mellom anna nyttast slik at dei bedriftsretta BU-midlane som SND administrerer får ei mest mogleg optimal utnytting.

Vi har prioritert å løyve midlane til prosjekt innafor 3 hovudsatsingsområde og det er med følgjande fordeling av løvinga:

• Nyskaping i eksisterande og nye bedrifter	kr 2.439.000,-
• Kompetanseutvikling og aktiv bruk av kunnskap	kr 1.925.890,-
• Konkuransedyktige lokalsamfunn	kr 242.500,-

Innafor desse strategiane har vi prioritert ungdom og kvinner. Om lag 15 % av midlane har gått til utviklingstiltak for eller med ungdom og prosjekt med basis i kommunen sitt generelle arbeid med næringsutvikling.

Av satsingsområde elles vil vi nemne:

- Grønt samarbeid er eit viktig satsingsområde i Hordaland og vil vere det framover i 2002.
- Auka verdiskaping i form av auka foredling er spesielt viktig i Hordaland med ein utprega småskalastruktur. Vi har difor valt å fortsette vårt prosjekt "Tradisjonsmat i Hordaland" i tre år til. Denne satsinga vert ein viktig del av vårt arbeid med "Verdiskapingsprogrammet" for mat.
- Kulturlandskapet endrar seg fort ved at mykje av det opne landskapet gror igjen. Samtidig er det mange av sauebruka som har behov for meir vår- og haustbeite. Vi vil difor starta opp eit prosjekt "Beitelandskap" der vi vil sjå på bruken av midlar frå STILK, organisert beitebruk og skog saman med BU-midlar for å få til betre beiter og meir ope kulturlandskap.
- Kunnskapsheving i næringa vil vere ei viktig satsing framover. For å få til ei samordna satsing har vi valt å bruke noko av BU-midlane i samanheng med EDL-midlane.
- Eit anna viktig felt er å få til auka samarbeid i landbruket for å få utnytta investeringane på ein betre måte og frigjere arbeidskraft som kan nyttast til å utnytte andre ressursar på garden eller ta seg inntektsgivande arbeid utanfor garden.

Hagebruk

Fruktavlינגane var moderate. Salet utover hausten gjekk bra og det var tomt for norske eple i slutten av november. Morellavlingane var totalt sett lav, men det var store variasjonar. Totalt sett blei det omsett 100 tonn, men det var det dobbelte året før. Tilskott til rydding, planting og dekking av morellfelt er no administrert av SND og det vart løyvd 1,4 mill kroner til slike tiltak.

Teknisk planlegging

Samla er det utarbeidd 44 forslag til teikningar og 24 ferdige planar. Samla kostnadsoverslag for ferdige planar er 26,6 mill kroner.

Områdetiltak / "Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna" (BNL)

Områdetiltak

Sidan oppstart i 1998 er det sett i gong prosessar i 44 bygder, spreidd over heile fylket. Ordninga er fra august-00 til august-03 lagt inn i samarbeidsprosjektet "Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna" (BNL) saman med ordningar frå Hordaland fylkeskommune og SND. I denne perioden vert næringsperspektivet sterkare vektlagt. Nokre av tiltaka er ferdige med planprosessen med vellukka resultat. Strategien for 2002 er å bygge eit sterkare nettverk eller ein paraplyorganisasjon av

dei områdetiltaka som ligg rundt Folgefonnahalvøya for å få eit samanhengjande sti/løypenet rundt Folgefonna, laga aktivitetar rundt denne basert på lokale kultur- og naturressursar og felles marknadsføring. Områdetiltaksmidlane for 2001, kr 700.000,-, vart i si heilheit løvd til nye, og for påfyll til pågående prosessar. Ordninga er godt motteken i distrikta og avlar aktivitet.

Kulturlandskap

2001 var eit godt og aktivt år for fagområdet "Spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar".

Det kom inn totalt 291 ordinære søknader og 14 søknader om ekstra tilskot.

Totalt vart det løvd 10.26 mill. kroner til 273 tiltak, etter eit godkjent tilskotsgrunnlag på 21.27 mill. kroner.

Tilskotssummen var delt på ulike tema med følgjande %:

Planlegging av fellestiltak	0.6 %
Biologisk mangfald	10.2 %
Gamal kulturmark	41.8 %
Fremje tilgjenge	6.1 %
Kulturminne	14.7 %
Freda og verneverdige bygg	26.6 %.

Hordaland sine 14 utvalde område som er med i "Den Nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap", vart evaluert i ein eigen rapport som kom ut i juni. Rapporten er kalla; "Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell". Gjennom tekst, kart og foto, vert utvikling, tilstand og framtid skildra for dei einskilde områda. Rapporten er utarbeidd av miljøvern- og landbruksavdelinga i samarbeid med Kulturlandskapsgruppa.

Fagheftet "Råd og tips om utvendig restaurering av eldre bygg" låg ferdig trykt i september. Heftet er no spreidd over heile landet og har blitt ein bestselgjar. Vi har att nokre få hefte av eit opplag på 2500 og må difor få trykt nyt opplag.

Kulturlandskapsprisen vart ikkje delt ut grunna manglende innmelding av aktuelle kandidatar frå kommunane.

Organisert beitebruk

I fylket er det for tida 96 beitelag, eit lag mindre i høve til i fjar. Tapsprosenten for sauvar var 4,2 % og for geit 2,2 %. Til ordinært tilskot vart utbetalt kr.674.830. Det vart løvd kr 343 000,- til investeringstilskot og til ekstra tilsyn og kr. 42 690 til ekstra tilsyn og gjeting.

Det vart sleppt vel 7 200 fleire sauvar på beite i 2001 enn i 2000, men tapet er auka med 0,3 % i forhold til siste året.

Økologisk landbruk

Landbruksavdelinga har arbeidd med ein handlingsplan for økologisk landbruk i Hordaland. Planen peikar på utfordringar, visjonar og strategiar for å medverke til å auke både produksjonen og omsetnaden av økologiske produkt i vår landsdel. Planen er eit konsensus dokument for medlemene av Økogruppa i Hordaland.

Ein av hovudstrategiane er å starte opp eit pilotprosjekt for økologisk lam, kor ein ønskjer å samkjøre tiltaka i heile verdikjeda frå jord til bord. Visjonen for prosjektet er å utvikle Vestlandet til den fremste regionen for produksjon og omsetnad av økologisk sau og lam til forbrukarar over heile landet. Kjøttet skal ha ein høg kvalitet, som tek vare på og utviklar dei ulike eigenskapane innan lokal variasjon og smak.

Utviklingstiltak/prosjekt

"Tradisjonsmat Hordaland"

Prosjektet Tradisjonsmat har godt i 3 år hatt fokus på mat og småskala foredling som tilleggsnæring på gardsbruk. Prosjektet skulle avsluttast hausten 2000, men er no vidareført i 3 nye år. Bakgrunnen for det er stor etterspørsel etter tenester prosjektet gir og koblinga som no er gjort i forhold til verdiskapingsprogrammet (VSP).

Hovudområda som vert tatt tak i framover er;

- oppfølgjing av etablerarar og stipendmottakarar som er i gang med verdiskaping/ vidareforedling av eigne matvarer på garden
- rettleiing og til nyetablerarar som har planar om å starte opp
- kompetanseoppbygging for etablerar på mat- og matområdet
- spesiell oppfølgjing av nettverk og samarbeidstiltak
- arbeide for å få på plass til ein årleg matfestival i Bergen
- kople produsent nærmere kunden gjennom nye marknadskanalalar for spesialprodukt på matsida.

"Grønt samarbeid"

Prosjekt Grønt samarbeid i Hordaland er eit samarbeidsprosjekt mellom sosial- og familieavdelinga og landbruksavdelinga. Målet med prosjektet er å utvikle eit variert tilbod til helse- og sosialektoren som medverkar til å gje enkeltmenneske auka livskvalitet, og som gir auka sysselsetjing i landbruket. Tilboda blir utvikla i nært samarbeid med gardbrukarane og ulike faginstansar for målgruppa.

"Samarbeid i landbruket"

Landbruksavdelinga har i samarbeid med Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag og Skogeigarlaget Vest hatt eit prosjekt med formål å auke samarbeidet i landbruket. Hordaland har eit landbruk med ein småskalastruktur som gjer det ekstra naudsynt å få til samarbeid og samdrift for å redusere kostnadane . Prosjektet har hatt som mål å stimulere til samarbeid for å utvikle nye næringar og auke inntektene. Prosjektet vart avslutta i desember.

"Rekruttering til landbruket"

Landbruket synest å stå ovafor ei stigande utfordring når det gjeld rekruttering til næringa. Borna vegrar seg for å overta bruket, overdragninga skjer ofte ikkje før dei (borna) har nådd ein høg alder, og bruket tyder mindre som næringssveg for neste generasjon enn det gjorde for foreldra. I tillegg er det ein klar tendens til at jenter i mindre grad enn gutter vel landbruket som arbeidsstad. Dette forsterkar jenteflukta frå bygdene.

Prosjekt «Rekruttering av ungdom til landbruket» har sett *søkelys på årsakene til dette*, og har medverka til tiltak som kan vere med og redusere problema. Prosjektet vart avslutta i desember.

"Trivselsgrenda"

"Trivselsgrenda" er eit prosjekt der hovudmålsetjinga er å legge til rette for auka tilflytting og etablering i distrikta gjennom å arbeide med trivsels- og haldningsskapande tiltak. Tre kommunar skal vere med; Kvam, Kvinnherad og Fusa. Omastrand, Ølve/Hatlestrand og Fusabygda er grendene som er plukka ut.

Prosjektet er todelt; først ei granskning der dei som alltid har budd i bygda, tilbakeflyttarar og innflyttarar skal få seie kva dei meiner om staden dei bur. Kva er "det gode lokale fellesskap", kva element i bygda appellerar, og kva er manglane? Målet med den første delen av prosjektet er at ein i neste omgang kan sette inn tiltak som er høvelege i den einskilde bygda, for å auke trivselen blant dei ulike gruppene som bur der. Kva tiltak ein satsar på vil vere avhengig av kva vi finn ut i granskninga. Heile prosjektet skal gjennomførast i nært samarbeid med innbyggjarane, og det er oppretta arbeidsgrupper i grendene i samband med prosjektet. I disse gruppene er både innflyttarar, tilbakeflyttarar og dei som alltid har budd i bygda representert.

Skogkultur.

Med sterkt avgrensa midlar vart det gode resultat i skogkulturarbeidet i 2001. Det vart investert 6,3 mill. kroner, noko som er på nivå med året før. Av dette vart dei budsjetterte 3,4 mill. kroner i tilskot brukt.


Det vart etablert skog på 3144 daa, av dette var 329 daa naturleg forynging. Planteaktiviteten var om lag som i fjor, medan ungskogpleia auka noko, til 6030 daa. Det vart nytta kr. 405 000 til ekstra skogkultursatsing i Etne, Ølen, Kvinnherad, Tysnes, Fusa, Samnanger, Kvam, Voss, Ullensvang, Granvin, Ulvik, Meland og Radøy. Det vart lagt ned om lag eit månadsværk i kvar kommune, noko som vi vonar vil gje gode resultat dei neste åra. Satsinga innebar hovudsakleg kartlegging og tilrettelegging av skogkulturarbeid.

Med stadig minkande løyvingar til skogkultur vert rammevilkåra for denne aktiviteten endra. Det vert kravd av oss at vi stadig kjappare må tilpasse verkemidlane etter nye politiske føringar. Dette er krevjande omstillingar, men det gjev oss òg høve til å forenkle tilskotssystemet. Vi tek sikte på å konsentrere statstilskota om dei sentrale arbeidsoppgåvene innan treslagsskifte og ungskogpleie, og vonar gjennom dette arbeidet å vere budd på endringane som kjem, som òg kan vere til det betre.

Registreringar av kronetettleik og kronefarge hjå skogstrea har gått føre seg sidan 1988. Dei siste tre åra har graden av utglisning og misfarging vorte redusert. Skogen har såleis god helse, særleg her på Vestlandet. Klimaendringar og meir ekstremt vær vil nok spele ei viktig rolle for helsetilstanden i skogen i framtida.

Skogsvegar

Oversyn over utviklinga i skogsvegbygginga 1990 -2001.



Ar	Bil veg (km)	Traktor veg (km)	Bil + traktor veg (km)
1990	16,8	91,3	108,1
1991	16,5	56,8	73,3
1992	22,2	47,2	69,4
1993	13,3	36,7	50,0
1994	19,2	22,4	41,5
1995	25,2	36,9	62,1
1996	22,7	20,5	43,2
1997	19,2	17,4	36,6
1998	11,8	19,8	31,6
1999	11,8	15,7	27,5
2000	25,7	15,4	41,1
2001	9,0	3,0	12,0

Tala i tabellen er inkl. ombygging.

Til saman 9 km skogsbilvegar (inkl. 5 km ombygging) og 3 km traktorvegar vart ferdigbygde i 2001, dette til ein totalkostnad på 4.9 mill. kroner. Til desse vegane vart det utbetalt 2.4 mill. kroner i tilskot som utgjer 49 % av byggjekostnaden. Totalt vart det utbetalt 5.9 mill. kroner i tilskot til skogsvegbygging. Fleire større anlegg var forventa ferdig. Desse vart først ferdig i 2002 slik at vi då får eit relativt høgt tal for ferdigstilte vegar. Bilvegar vert prioritert framfor traktorvegar.

Tilskot til drift i vanskeleg terrengr.

45 skogsdrifter vart innvilga tilskot, kr 161.220,-, gjennom denne ordninga for å driva ut vel 6000 m³ tømmer. Ca. 70% av tømmeret vart drive med taubane. Normalt avgjer brattheita om tilskot vert innvilga, men i Hordaland har vi innført ei miljøordning der ein kan få tilskot uavhengig av stigning dersom bruk av tradisjonell reiskap vil lage unormalt stygge sår i terrenget. Taubane er då eit godt, men dyrt alternativ. Mange skogsdrifter kjem i denne kategorien.

Tilskotsordninga er og viktig med tanke på å halda oppe eit miljø av kompetente taubanefolk i fylket. Mykje av den tidlegare skogreisinga vart lagt på mark der taubane er einaste alternativ for å hauste med forteneste.

Skogbruksplanlegging og miljøregistreringar

Det er no starta miljøregistreringar (MIS) som ein integrert del av skogbruksplanlegginga. Skogforsk sin avdeling i Fana har utvikla metodikken som vert nyttा. Siktemålet med MIS er å framskaffe eit stort tilfang av informasjon om viktige miljøkvalitetar i skogen. Og i etterkant prioritering og utval av dei biologisk mest verdifulle areala. Desse skal så skjøttast på ein slik måte at miljøverdiane ikkje vert skada.

Skogbruksplanlegging vart gjennomført i Stord, Fitjar og delar av Austevoll.

Verneplanar

For å gje landbruksinteressene ein betre plass i planprosessen for Folgefonna nasjonalpark har landbruksavdelinga sett av ekstra ressursar. Sentrale bidrag i dette er medverknad til betre grunneigarorganisering og datafangst av landbruksressursane.


Utviklingstiltak/prosjekt

"Landbruket som energileverandør - Bioenergi"

Det er eit treårig prosjekt som starta i 2001. Skogeigarlaget Vest gjennomfører prosjektet. Målet er å arbeide for at bioenergi får ein meir sentral plass i energiforsyninga enn i dag. Aktuelle tiltak er i samarbeid med lokale skogeigarlag og kommunar å initiere utreilingstiltak retta inn mot konkrete lokale bioenergiprojekt. Samt informere om bioenergi i fora knytt til landbrukssektoren.

Skogavgiftsrekneskapen

Det vart utført om lag 11650 posteringsar i skogavgiftsrekneskapen i 2001. Samla for alle føremål vart det investert **18,77 mill.** kroner. Totalt vart det registrert skogkulturaktivitet på 822 konti. 747 eigedomar av i alt 10096 hadde registrert hogst og salsvirke. Inneståande skogavgift pr 31.12.01 er 7,56 mill. kroner.



Hogstkvantum

Det vart hogd og registrert i databasen for virkesomsetning til saman **54.400 m³** i fylket. Dette tilsvrar ein bruttoverdi på 15 mill kroner og 1,6 mill kroner i skogavgift. Dei siste åra har hogstaktiviteten vore uforandra.

Arealforvaltning

Fylkeslandbruksstyret er eit statleg særlovsorgan som er sett til å handsame arealdisponeringssaker på fylkesnivå. Landbruksavdelinga fungerer som sekretariat for fylkeslandbruksstyret og handsamar dei fleste sakene som fullmaktssaker.

Fylkeslandbruksstyret hadde 9 styremøter. Styremøte i oktober vart halde i Edinburgh- i samband med ein 4 dagars styretur til Skotland

Hovudmålet for arealforvaltningsarbeidet er å sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og forvalte arealressursane for å fremje verdiskaping, busetjing og sysselsetjing.

Vi har eit spesielt fokus på kommuneplanane. Fleire kommunar er i ferd med å revidere planane, og landbruksavdelinga har teke del i ei rekke møter i løpet av året i samband med oppstartsmelding. Det ser vi som sers nyttig, og gir eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med slike kommuneplanar.

Med bakgrunn i dei store arealutfordringane i Hordaland har vi fått gjennomført ein analyse av eigedomsutvikling i Os og Radøy frå 1940 fram til i dag. Visualisering av tilfeldige frådelingar ved hjelp av kart og bildemateriale har vore sentralt. Presentasjonen er vist i fleire ulike samanheng i løpet av året.

Fylkeslandbruksstyret vedtok ein ny strategi for praktiseringa av skjønnet i arealforvalningsakar – "Levande Bygder". Føremålet med denne strategien er å leggje til rette for ei utvikling av levande bygder og ta vare på jorda som produksjons- og næringsgrunnlag. Strategien tek særleg sikte på å tilpassa praktiseringa til dei særskilde utfordringar og målsetjingar som er aktuelle i Hordaland. Både kommunar, grunneigarar, sokjarar og andre aktørar som deltek i arealforvalningsakar vil dermed kunne setje seg inn i den arealpolitikken som vil verte ført i Hordaland

Jordlova § 12 inneheld eit generelt forbod mot deling av landbrukseigedomar. Fylkeslandbruksstyret handsama 120 slike saker, enten som førstinstans eller som klageorgan. Det vart gitt samtykke til deling i 72 av desse sakene.

Etter konsesjonslova § 2 er all overdraging av fast eigedom i utgangspunktet konsesjonspliktig. Det vart handsama 227 saker av fylkeslandbruksstyret.

Odelsrettshavarar og nær slekt kan overta landbrukseigedomar konsesjonsfritt. Dette utløysar bu- og driveplikt i 5 år. Desse reglane er viktige for å sikre at den som eig ein landbrukseigedom også bur på eigedomen og driv han. Det er likevel høve til å søkje om fritak frå bu- og driveplikta. Det er kommunen som er vedtaksfør i slike saker. Fylkeslandbruksstyret handsama 3 klagesaker som gjaldt slike fritakssøknader.

For å sikre ei forsvarleg praktisering og skjønnsutøving frå kommunalt hald i saker etter jordlov- og konsesjonslov i tråd med nasjonale styringssignal, vart det i 2001 halde eit arealforvaltningsseminar for kommunane. Dei fleste kommunar i fylket var representerte på dette seminaret, som vi ser på som sers nyttig. Landbruksdepartementet tok også del på dette seminaret.

Kartsamarbeid

Landbruksavdelinga har delteke i GEOVEKST-samarbeidet. Kartetablering i fylket har eit høgt tempo. Landbruksparten har arbeidd for å få prioritert heildekande kartlegging i kommunane. På grunn av knapt med midlar har vi prioritert hardt kva for prosjekt vi deltek i.

Ajourhold av kartverket, forbetringssprosjekt og ortofoto er nedprioritert.

Digitalt markslagskart (DMK) vil sannsynlegvis vere ferdig etablert for Hordaland i år 2004. Vi har forhandla fram ein avtale med tre kommunar i Nord-Hordaland om fotogrammetrisk ajourhald av DMK ved hjelp av ortofoto – mot at vi får rettigheter til ortofoto.

Geografiske informasjonssystem (GIS)

Vi har, i samarbeid med Miljøvernnavdelinga, arbeidet aktivt for å få til ein felles geodataforvaltning og kompetanseheving i bruk av eigne databaser kopla mot geografisk informasjon.

III-3. OPPGÅVER PÅ ARBEIDS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Resultatområde 31 - Organisasjon og styring (ifr. pkt. 1.5 i tildelingsbrevet)

Personalpolitikk

Oversiktar til AAD

Gjennom tildelingsbrevet er det sett krav om å sende lønnsoversiktar og likestillingsutgreiing til AAD. Dette er blitt gjort i samsvar med krav.

Tryggleiksplan

Embetet har sett ned eit eige tryggingsutval. Utvalet har arbeidd med å utarbeide rutiner og sette i verk praktiske løysingar.

Informasjonsstrategi

Leiargruppa har hatt informasjonsstrategi som eige tema på møte.

Organisere det redaksjonelle ansvaret i Web-hotellet

Web-hotellet er forseinka frå sentralt hald. Det har difor ikkje vore aktuelt å organisere arbeidet.

Anna

Fylkesmannen er Kongehusets representant i fylket. I år 2001 hadde vi organiseringa ved 6 besøk av Kongehusets representantar fordelt på 10 dagar.

Fylkesmannen har også den tilretteleggjande sakshandsaming for Kongens fortjenstmedalje i gull og sølv, og avgir innstilling til Kongen i desse sakene.

Det vart delt ut 6 gullmedaljar og 13 sølvmedaljar i Hordaland.

På vegne av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden v/Ordenskanselliet foresto Fylkesmannen tildeling av medaljar og diplom til 5 personar som blei Ridder 1. klasse av St. Olavs Orden.

III-4. OPPGÅVER PÅ BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Årsmeldinga inneholder ei kort oppsummering av sosial- og familieavdelinga si oppgåveløysing på resultatområde som er fastsett av fagdepartementa i tildelingsbrevet til Fylkesmannen i samband med statsbudsjettet for 2001. (Tal som står i parentes er samanlikningstal frå førre år, dvs. år 2000).

Resultatområde 41 – Barnehagar

1. Økonomiforvaltning

Tekst/tiltak	Utbetalt beløp (heile 1000 kr)	Tal på barnehagar	Tal på barn i barnehage
Statstilskot, ordinær drift	478380 (423314)	543 (546)	
Tilskot, tospråkleg assistanse	105 (96)	5	18857
Tilskot til utviklingstiltak	708 (250)		

2. Samarbeid/møte

April: Fagseminar for alle kommunane/bydelane

Juni: Barnehagepolitisk konferanse for kommunane (20 deltagarar)

September: Studietur til Hirtshals kommune, Danmark (45 delt. frå 30 kommunar)

November: Fagdag for barnehagetilsette (530 deltagarar)

Desember: Kontaktmøte med kommunane og KS-Hordaland

Fylkesmannen har hatt 4 møte med regionane i "fagleg samarbeidsråd" og 7 møte i "konsultativ kompetansegruppe om kvalitetssatsinga".

3. Tilsyn

Fylkesmannen har i oktober starta opp eit tilsynsprosjekt i samarbeid med barne- og familielatedepartementet. Prosjektet gjeld utprøving av systemrevisjon som tilsynsmetode.

Resultatområde 42 – Familierett

Statistikk- saker (tal i parentes gjeld året 2000)

Sakstype	Tal saker
Løvye til separasjon (ekteskapslova)	1156 (1121)
Løvye til skilsmisses (ekteskapslova)	969 (896)
Løvye til separasjon frå partnerskap	2
Anerkjennelse av utanlandsk skilsmisses	76 (61)
Disp. for giftarmål for barn (under 18 år)	1 (3)
Ettersøking biologiske foreldre	64 (63)
Samværsaker etter lov om barn og foreldre	37 (38)
Utførte meklinger v/meklingskontora	1149 (1225)

Resultatområde 43 - Krisetiltak

Det er utbetalt statstilskot med i alt kr 3.260.300,- til dei fire krisesentra i Bergen, Odda, Voss, Sunnhordland og til Støttesenteret mot incest i Bergen.

Resultatområde 44 – Familievern

Fylkesmannen har ført tilsyn med dei 5 familievernkontora i fylket. Ventetida for familieterapi i Bergensregionen er for lang (2-4 månader). Det same gjeld ventetida for mekling. I 70 % av

meklingssakene er ventetida meir enn dei lovbestemte 3 veker. Dette er teken opp med departementet og fylkeskommunen. I 2002 blir tilbodet utvida med eit nytt familievernkontor i Sunnhordland (Stord).

Resultatområde 45 - Barnevern

Tilsyn av institusjonar mm

Fylkesmannen har utført 107 tilsynsbesøk ved i alt 44 tiltak som er registrert som barnevernsinstitusjonar. Talet på tilsynsobjekt har auka med 160 % sidan 1.1.99. Auken skuldast mest etablering av nye tiltak i privat regi for ungdom (15-18 år). Fylkesmannen har i 2001 avdekkja 5 avvik ved institusjonane og gitt 8 merknader. Det har vore halde faste kontaktmøte med fylkeskommunen der avvik og merknadar har vore drøfta.

Tilsyn av kommunane si forvaltning av barneverntenesta

Det har vore gjennomført systemrevisjon ovanfor barneverntenesta i Bergen kommune der tema var bruk av tiltaksplanar og hjelpe tiltak for barn og barnefamiliar. Det vart avdekkja to avvik som er dokumentert retta opp i ettertid. Fylkesmannen har elles utført den halvårlege rapporteringa til departementet om barnevernet i Hordalandskommunane.

Informasjon og samarbeid

Det er gjennomført kontaktmøter med fylkeskommunen og barneverntenesta i alle kommunane. Barneverntenesta i kommunane har hatt hyppig kontakt over telefon med avdelinga for fagleg rådgjeving/lovtolking.

Sakshandsaming

Barnevern og andre saker ved oppvekst- og familieseksjonen (tal i parentes gjeld året 2000)

Klage på hjelpe tiltak	13 (14)	Fritak teieplikt	72 (44)
Klage på sakshandsaming	28 (34)	SUM handsama saker	140 (107)
Andre saker - barnevern	27 (15)	Uhandsama saker 31.12.01 = 9)	

Resultatområde 47 - Gjeldsrådgjeving

Fylkesmannen er regionansvarleg for region vest/sør (6 fylkesmannsembete). Følgjande møter og kurs er avvikla:

- seks kurs a to dagar i fem fylke
- ei regionsamling for kommunale rådgjevarar og fylkesmannskontaktar
- eit kontaktmøte med fylkesmannsembeta i regionen
- to miniseminar i samband med handlingsprogrammet "Kunnskap og brubygging"
- to møte med regionansvarlege i landet
- seks møte med kommunale øko. rådgjevarar i Bergen og omland
- eit møte i arbeidsgruppe for gjeldsrådgjevingstenesta i Bergen kommune

Resultatområde 48 - Åpningstidslova

Fylkesmannen har handsama 36 søknader om dispensasjon frå åpningstidslova. Antall dispensasjoner gjeve med heimel i § 4 var 27, medan 9 søknader vart avsleagne. 1 klagesak vart vidaresendt til departementet. Elles går det mykje tid med til å svare på telefonførespurnader på området.

III-5. OPPGÅVER PÅ JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Resultatområde 51.1 - Stiftelsar

Det vart registrert 26 nye stiftelsar i Hordaland.

Vi handsama 66 søknader om omdanning. Av desse var 18 søknader om oppløysing.

Vi har teke imot 1065 stiftelsesrekneskap. 537 av desse er handsama.

Ingen av gjennomgangane av rekneskapa har gitt grunnlag for nærmare undersøking av forvaltning og drift.

Ingen av stiftelsane er vurdert granska.

Dessutan har vi hatt ei rad pantelånssøknader, oppnemning av styremedlemer, auke i honorar og godkjenning av legatmidlar mv. Mykje tid går og med til å svare på telefonførespurnader.

Resultatområde 51.2 - Overformynderi/verjemål

Vi har handsama 30 saker/klagesaker etter verjemålslova. I tillegg er det gitt dels skriftleg dels munnleg rettleiing i fleire saker.

Av 34 kommunar har vi motteke 32 rekneskap frå overformynderia.

Resultatområde 51.3 - Forliksråda

Vi har i 2001 motteke 4 "klager" over verksemda til forliksråda. Vidare har det vore ein del førespurnader kring forliksrådet si verksemd, både frå privatpersonar, inkassobyrå og kommunar.

Resultatområde 52.1 - Fri rettshjelp

Fylkesmannen mottok i alt 2526 saker vedk. fri rettshjelp. Desse fordeler seg med 695 søknadar om fritt rettsråd, 200 søknadar om fri sakførsel, medan resten er innsendte arbeidsoppgåver frå advokatar der advokaten sjølv har kompetanse til å innvilge fritt rettsråd.

572 søknadar om fritt rettsråd vart innvilga, medan 123 vart avsleagne.

123 søknadar om fri sakførsel vart innvilga, medan 77 vart avsleagne.

Sakshandsamingstida for tilvising av arbeidsoppgåver var 3 veker pr. 31.12.01.
Handsamingstida for søknadar om fritt rettsråd var 6-8 veker pr. 31.12.01.

Det går mykje tid med til rettleiing av advokatar og publikum.

Resultatsområde 52.2 - Valdsoffererstatning

I samsvar med tildelingsbrevet er årsrapport sendt til Erstatningsnemnda for valdsofre.

Vi handsama 175 søknadar om valdsoffererstatning. 111 av søknadane vart innvilga med ei samla utbetaling på kr. 4.469.879.

Resultatområde 52.3 - Namnesaker

Eigne rapportar er tidlegare sendt departementet.

Fylkesmannen har samla gitt 549 namneløyve. Dette fordeler seg med 246 slektsnamn, 221 mellomnamn og 82 førenamn.

Samanlikningsvis vart det i 2000 gjeve totalt 558 nye namneløyve.

Resultatområde 52.4 - Tomtefestelov

Vi har handsama ei sak om innløsing av tomtefeste i 2001.

Resultatområde 52.5 - Oppnemning av setjedomarar

Vi har totalt oppnemnd 26 setje-/hjelpedomarar.

Resultatområde 52.6 - Dekningslova

Vi har ikkje hatt saker etter dekningslova i 2001.

Resultatområde 52.7 - Kommunale politivedtekter

2 kommunale politivedtekter er motteke, gått igjennom og ekspedert til departementet.

Resultatområde 53 - Konfliktråd

Verksemda ved Konfliktrådet for Hordaland er basert på samarbeidsavtale mellom kommunane, med Bergen kommune som vertskommune og arbeidsgjevar. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn, utøvd økonomistyring og rapportering til departementet.. Konfliktrådet mottok i alt 314 saker til mekling. Av desse 128 straffesaker og 186 sivile saker (år 2000: 147 og 223 saker). Av i alt 254 påklaga personar var 72 % under 18 år. Det var 85 % menn blant dei påklaga som var til mekling. 95 % av meklingsavtalane vart oppfylt.

Resultatområde 55 - Sårbarheitsreduserande tiltak - sivilt beredskap

Fylkesmannen har lagt vekt på å følgje opp og rettleia kommunane i arbeidet med å vidareutvikle Risiko- og sårbarhets (ROS)-analyser. Beredskapsomsyn i samfunnsplanlegginga (BIS) vert ivaretake gjennom aktiv dialog med kommunane i ulik plansamanheng og ved tilsyn. Det vert lagt stor vekt på å koma tidleg inn i planarbeidet og kommuneplanprosessane er høgast prioritert.

Samarbeidet med sivilforsvarskrinsane er ført vidare, og personell frå ytre etat vert trekte inn i ROS-arbeidet der det høver og etter ønske/behov frå kommunane. Arbeidet vert styrt av Fylkesmannen, og sivilforsvarspersonellet deltek i arbeidet som våre representantar.

Vi har arbeidd aktivt for å motivere kommunane til å legge vekt på omsyn til samfunnstryggleik i kommunal arealplanlegging. Det har vore naudsynt å fremje nokre motseigner mot reguleringsplanar og kommuneplanar grunna uavklara risikonivå. Grunna særslig utgreiingsnivå/manglende avklaringar har det også vore naudsynt å rette generell motsegn mot nokre framlegg om kommuneplanar. Oppfylgjing av ROS skjer elles ved gjennomføring av førebyggjande tiltak og ved utarbeiding av kriseplanar innafor ramma av internkontroll.

Resultatområde 56 - Krisehandtering, sivilt beredskap

Fylkesmannen ivaretok samordningsfunksjonen under fredskriser, m.a. ved informasjon og drøfting i høve til samarbeidspartnarar. Den såkalla "samordningsavtalen" mellom Fylkesmann og politimeistrane er revidert, men p.g.a endringane i politidistriktsgrensene, vert avtalen formelt underskriven i 2002. Også "lokalradioavtalen" er revidert i løpet av året, men også denne vert formelt godkjend først neste år. Vidare har Fylkesmannen inngått ein avtale med Bergen kommune om samarbeid i høve til informasjonsberedskap. Fylkesmannen har også teke initiativ til eit "Info-forum" med representantar for ei rekke offentlege verksemder og styresmakter. Siktemålet med "Info-forum" er å få til eit nettverk som kan stimulere til gjensidig samarbeid mellom ulike sektorar i høve til informasjonsberedskap.

Fylkesmannen har trekt kommunane inn i eit samarbeid i høve til å planlegge "Øv Hordaland 2002" som vert avvikla 12.-13.februar 2002. Det er gjennomført i alt 5 temasamlingar for kommunane sine øvingsplanleggarar og vi har trekt inn ulike fylkesfagorgan m.v. i øvinga. Tema har vore; øvingsplanlegging, stabsarbeid, kriseinformasjon, pårørandehandtering, orienteringar frå fagetatar og elles arbeid med utvikling av dreiebok.

I samanheng med tiltaka som vart sett iverk i samband med fare for spreiling av munn- og klauvsjuke, vart dei viktigaste aktørane kalla saman til ei drøfting med sikte på å styrke samordninga på tvers av etats- og forvaltningsgrensene.

15.oktober gjennomførde Fylkesmannen den årlege "Øv Lyneld" som er ei uvarsle beredskapsøving av samtlege kommunar i fylket. Kommunane vart varsle om øvinga via telefaks. Kommunane skulle varsle krieseleiinga, iverksetja rapportering og kontrollera eigne varslingslister m.v.

Vi var aktive i planleggjingsfasen då Sivilforsvaret, Politiet, Brannvesenet og Bergen kommune i november gjennomførde ei større beredskapsøving (evakuering) i Bergen sentrum. I framkant av ei mogleg plassering av dekontamineringseining i Bergen, vart det sett ned arbeidsgrupper med sikte på å bringe saman brukarar (primæretatane) og ressurseigarar (Forsvaret/Sivilforsvaret) for å styrke samarbeid og samhandling i høve til ABC-trugsmålet.

Beredskapsplanverket (SBS) vart prioritert etter 11. september, og Fylkesmannen har utarbeidd dei tiltaka som hadde høgast prioritert. Vidare har vi starta ein prosess kring SBS-planlegging i sivilforsvarskrinsane – og i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samla vi alle krinsane i landsdelen til oppstartssamling i slutten av november.

I tillegg til omleggingsplanen har Fylkesmannen framleis vesentlege oppgåver med planlegging, informasjon, kontakt og samordning i høve til krigsrelatert beredskap. M.a. kan vi nemne uttak og prioritering knytt til nøkkelpunkt og distriktsobjekt – med samordning av interessene til Forsvaret, Politiet, objekteigar og den sivile delen av Totalforsvaret.

Etter september intensiverte vi opplæringa av eigen stab og i samarbeid med Sentralskolen for Sivil Beredskap (SSSB) gjennomførde vi eit heildags seminar for alle som er oppsette i staben. I samråd med (eit utval av) Fylkesberedskapsrådet prioriterte Fylkesmannen 8 av kommunane og fylgde desse særleg opp i ei eiga samling der ein tok for seg eit utvida trusselbilete.

- Fylkesmannen har delteke på ulike samlingar i høve til samferdselsberedskap.
- Det vart gjennomført samling av Atomberedskapsutvalet (ABU) i Hordaland. Fylkesmannen har delteke i fleire varslingsøvingar, og vi har initiert liknande øvingar frå Fylkesmannen til ABU-medlemmar. Plan for ABU er revidert og sendt ut til medlemane i ABU. Fylkesmannen er med i arbeidsgruppe som skal sjå på atomberedskapsorganisasjonen i krigstid. Fylkesberedskapsjefen er komen inn i styringsgruppa for samarbeidet Strålevern/FM.
- Oppgåvene i samband med Rasjoneringsberedskap (*på vegne av NHD, OED og SD*) er ivaretakne, og det er gjennomført rasjoneringskurs for alle kommunane dette året. Nøkkelpersonell frå fylkesmannsembetet (fylkesforsyningsskontoret) har delteke på desse kursa - i tillegg har me delteke på direktoratet sine samlingar.
- Proviantplanlegginga er endra i høve til sentrale føringer frå departementet.
- Fylkesmannen er ajour med arbeidet innan Bygg- og anleggsberedskap (*på vegne av NHD*) – i høve til innmelde behov frå Forsvaret.
- Materiellplanlegginga er endra i høve til sentrale føringer frå departementet.

Resultatområde 57 - Kvalitetssikring av beredskapsarbeidet

Internkontrollmetoden (IK) skal leggjast til grunn for kvalitetssikringa på beredskapssektoren, og for tilsynet med beredskapsarbeidet. Det er eit mål for oss at tilsynsmetodikken indirekte skal stimulere kommunane til å skaffe rutiner for beredskapsarbeidet.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn i 8 kommunar. I tillegg vart det gjennomført formøte med ein kommune med sikte på tilsyn i slutten av året. Som følgje av hendinga 11. september vart tilsynsverksemda nedprioriter etter medio september. Tilsynet skal vere retningsgjevande for beredskapsarbeidet i vedkomande kommune for lang tid framover, og difor legg vi stor vekt på å gjennomføre tilsyn med høg kvalitet. Kopi av tilsynsrapportane vert sende til Direktoratet for Sivilt Beredskap (DSB).

DSB hadde elles tilsyn med embetet og korleis vi ivaretek vårt samordningsansvar ved kriser og katastrofar i fred og kva rutiner vi har for dette.

Resultatområde 58 - Sivilforsvaret

Fylkesmannen har overordna ansvar for Sivilforsvaret i fylket, og Fylkesmannen skal samordne og føre tilsyn med planlegging og gjennomføring av sivilforsvarstiltak. Fylkesmannen i Hordaland er landsdelsfylkesmann for Vestlandet, og har difor også særlege oppgåver innan fagområda samband/varsling og materiell.

Fylkesmannen har:

- sett til at krinsane utfører prioriterte oppgåver og når dei mål som er sette i samsvar med budsjettdirektivet for ytre etat.
- inspirert og rapportert etter å ha delteke på øvingar for KI-avdelingar
- involvert Bergen SFK i ROS-arbeidet. Dei tilsette ved Hardanger SFK har fått grunnleggjande opplæring i ROS-metodikk, men har heller ikkje i 2001 vore aktive i høve til kommunane på denne sektoren.

- informert om Sivilforsvaret – særleg med tanke på bistand i fredstid - i samband med øvingar, møter m.v.
- gjennomført fagleg samling over to dagar for alle SF-tilsette i landsdelen
- arrangert samling på SSSB for alle SF-inspektørar ved fylkesmannsembeta
- gjennomført tilsyn over 3 dagar med Bergen sivilforsvarskrets. Tema var beredskapsplanlegging, materiellteneste, opplæring og øving.
- i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomført oppstartssamling for SBS-arbeidet i landsdelen

Innafor landsdelsansvaret har vi lagt vekt på å vere aktive i forhold til sivilforsvarskrinsane;

- samordna og ført kontroll på fagområda samband/varsling og materiell i begge fylka.
- gjeve råd og rettleiing til fylkesmenn og krinsar på fagområda samband og materiell.

Diverse oppgåver

I tillegg til dei prioriterte oppgåvene, har Fylkesmannen mange oppgåver av generell og vedvarande karakter også på beredskapssektoren. Dette er løpende oppgåver som må løysast, og som frå år til år vil krevja ulik mengde arbeid. Som samordnar og tilsynsførar med alt sivilt beredskapsarbeid må Fylkesmannen også i stor grad tilpasse seg prioriterte eller oppdukkande behov i statlege etatar, fylkesfagorgan og kommunar.

Klarering

Klarering av personell i eigen organisasjon, i fagorgan og i kommunane legg i vekslande grad beslag på tid og arbeidsressursar. Dette er arbeid som må utførast, som ikkje kan vente og som set svært store krav til kunnskap, presisjon og diskresjon. Innføringa av ny "Sikkerhetslov" og føresegner til denne, har medført auka arbeidsmengd på dette feltet.

Beredskapsvarsel

Mottak og vidaresending av beredskapsvarsel er ei oppgåve som har fått auka aktualitet som følge av at Fylkesmannen no har fått konkret ansvar for varsling av m.a. atomulukker, flom, flod og ekstreme vertilhøve. Det er journalført 6 varsel som alle har medført meir eller mindre arbeid – i eller utanfor vanleg arbeidstid.

I tillegg til ordinære beredskapsvarsel, får Fylkesmannen melding om alle aksjonar der personell fra Sivilforsvaret er involvert.

Fritaksordninga

Fylkesmannen administrerer fritaksordninga (fritak for frammøte ved mobilisering). Ordninga medfører årleg revisjon av alle fritak som vert gjeve til nøkkelpersonell i private og offentlege verksemder.

Rekvisisjonar til sivile og militære føremål

Fylkesmannen har medansvar for bygningsrekvisisjonar til militære føremål, for rekvisisjonar av køyrety og party - og for å rekvirere grunn til militære øvingar.

Informasjon og opplæring

Det er stort behov for informasjon om Totalforsvaret og Det sivile beredskap. Fylkesmannen ønskjer å strekkj seg langt for å imøtekjemme ønskje om orienteringar og foredrag for frivillige organisasjonar, private og offentlege verksemder – og for militære styresmakter.

Beredskapsavdelinga har gjennom mange år hatt eit godt samarbeid med Sjøkrigsskolen og med KNM Tordenskjold/Sjøforsvarets Forvaltingsskole (SFS). I tillegg til å stille foredragshaldarar på kurs ved desse skulane, vert Fylkesmannen også brukt for å koordinere bistand frå andre sivile aktørar (departement, direktorat, fylkesfagorgan m.v.).

III-6. OPPGÅVER PÅ KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Resultatområde 61 - Kommuneøkonomi og samordning

Resultatområde 61.1 - Økonomiforvaltning

Fylkesmannen skal berre godkjenne lån for dei kommunane som er registrert i Registeret over betinget tilsyn og kontroll (ROBEK). I tillegg skal vi godkjenne lån for interkommunale selskap (IKS). Vi fekk inn 34 søknader og andre saker om låneopptak til handsaming. Av desse var alle saker handsama pr 31.12 Ein del lån er og godkjende direkte i budsjettsaka. Grunna endra lovreglar er saker om godkjenning av lån redusert monaleg i høve til tidlegare år.

Vi fekk inn 30 saker om kommunale garantiar til handsaming. Også her var alle sakene handsama pr 31.12. Året før hadde vi 23 slike saker til handsaming.

Det er brukt mykje tid på informasjon og rettleiing i spørsmål knytt til statsbudsjett, inntektssystem, rekneskapstekniske spørsmål m.v. Vidare har fylkesmannen utarbeidd framlegg til fordeling av skjønsmidlar, samt stått for utbetaling av øyremerka tilskot til eldreomsorg og psykiatri.

KOSTRA

Vi har utarbeidd hefte med finansielle indikatorar for kommunane i Hordaland.

Vidare har fylkesmannen brukte ein god del tid på informasjon, opplæring og rettleiing i KOSTRA. Mellom anna er det arrangert 3 kurs for alle kommunane. Vidare hadde vi opplæring i tenesterapportering for alle kommunane fordelt på 10 dagar i november.

Resultatområde 61.2 Samordning

Prosjektet samordna tilsyn etter internkontroll metoden er ført vidare. Vi har hatt ein prosjektleiarstilling knytt opp til dette prosjektet.

I tillegg har det vore eit fagleg samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeslegen knytt opp mot psykiatrisatsinga og eldresatsinga. Innføring av KOSTRA som rapporteringsverktøy har og danna grunnlag for tettare fagleg samarbeid mellom kommunal og samordningseininga, fylkesmannen sine fagavdelingar, utdanningsdirektør, og fylkeslege.

Fylkesmannen har gjennomført ein del kommunebesøk, samt hatt fleire kortare møter med kommunar. På mange av møta har samordning av statlege styresignal og kommunane sine rammevilkår vore drøftingstema.

Vi har også arrangert 3 møter mellom leiarane av Statsetatane i Hordaland. I tillegg arrangerte Fylkesmannen på vegne av statsetatane ei samling for ordførarar og rådmenn i kommunane på Solstrand i november. Denne samlinga har vorte ein årvis tradisjon, og oppslutninga er god både frå statsetatane og kommunane si side.

61.3 Kommuneinndeling

Fylkesmannen har ikkje vore engasjert i utgreiingsarbeid innan dette saksområdet. Vi har likevel vore involvert i prosjekt som går på samarbeid mellom kommunane. Mellom anna har vi har vore sekretariat for styringsgruppa i "digitale hardanger.no".

Resultatområde 62 – Lovlegkontroll og rettleiing

Lovlegkontroll

Vi har handsama 15 saker der det er kravd lovlegkontroll med heimel i kommunelova § 59. Ei av desse sakene førte til at vi oppheva vedtaket. Vi hatt ein liten oppgang i talet på saker der det vert sett fram krav om lovlegkontroll i høve til året før.

Fylkesmannen har gjennomført lovlegkontroll etter eige initiativ i 5 budsjettsaker. I 3 av tilfella oppheva vi budsjettet grunna det økonomiske innhaldet i budsjettet.

Resultatområde 63 - Regelverkstyring/klagehandsaming

Resultatområde 63.1 - Sakshandsaming

Det kom inn 3 saker som gjaldt klage på kommunale avgifter. I ei av sakene avdekkja vi uovleg praksis i kommunen. Vi handsama ei sak som gjaldt lukking av møte. Vi handsama og ei sak som gjaldt stønad til politiske parti etter utmelding og skiping av ny gruppe i kommunestyret. .

Resultatområde 63.2 - Informasjon og rettleiing

Vi har brukt mykje tid på informasjon til kommunar og interkommunale selskap om endringar i kommunelova sine økonomireglar.

Saker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen tok avgjerd i 453 klagesaker etter plan- og bygningslova. Dette er det samla talet inkl. klagar over bebyggelsesplan eller reguleringsplan og klage der det var snakk om dispensasjon frå pbl. § 17-2 og/eller arealplan. Til samanlikning var tilsvarende tal for 2000 418 saker.

Fylkesmannen stadfesta 380 (84%) av dei kommunale førsteinstansvedtaka, medan 73 (18 %) av vedtaka anten vart endra eller oppheva og sendt attende til fornya handsaming i kommunen.

Sakshandsamingstida pr. 31.12.2001 er om lag 4-5 veker.

Saker etter kapittel VIII (oreigning) og oreigningslova §§ 2 og 25

I 2001 har vi handsama 7 saker i førsteinstans og 3 klagesaker.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstida ligg på om lag 4 veker i klagesaker. Der fylkesmannen er førsteinstans har handsamingstida vore noko lengre.

Lov om burettslag

Klagesaker etter lov om kommunal forkjøpsrett til leigegardar

Lov om eigarseksjonar

Klagesaker etter forvaltningslova § 28, 2. ledd

Vi har ikkje motteke saker på desse fire områda.

Offentlegheitslov

Vi har handsama 2 klagesaker om rett til innsyn etter offentlegheitslova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har vore 1 – 2 månader.

Sakskostnader

Vi har tatt avgjerd i 8 saker om sakskostnader etter fvl. § 36. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var omlag 4 veker.

Resultatområde 63.3 – Statsborgarsaker

Fylkesmannen tok imot 36 søknadar om statsborgarskap. Vilkåra var oppfylt og alle vart innvilga.

III-7. OPPGÅVER PÅ SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Resultatområde 71 - Rettleiing, kompetanseheving og informasjonsverksemnd

Samarbeid mellom helse- og sosialtenesta, trygde- og arbeidsmarknadsetaten.

Det er tidlegare år (1999-2000) inngått formell samarbeidsavtale i alle kommunane i fylket. Det er og etablert samarbeid mellom statsinstansane på fylkesnivå. Imidlertid har dette samarbeidet og planlagt oppfølging av einskildkommunar hos fylkesmannen som koordineringsinstans ikkje blitt vidareført i 2001. Slik oppfølging skal skje i 2002.

Rettleiing etter Lov om sosiale tenester

Gjennom året er det gitt sosialfagleg og sosialrettsleg informasjon til kommunane over telefon og skriftleg etter førespurnad. I tillegg er ulike lovtema informert om i bladet "På Hordavis". Fylkesmannen har gjennomført regionale møter/konferansar, og fagmøter for kommunar og samarbeidsinstansar i samband med evaluering av kap. 6 A i sosialtenestelova.

Styrings- og informasjonshjulet

Innsatsen i 2001 var konsentrert om kvalitetsbetring av statistikkdata for alders- og sjukeheimar og forbetring av statistikken for pleie- og omsorgspersonell.

Utviklingsarbeid for å styrke kompetansen og sikre kvaliteten i sosialtenesta – "kunnskap og brubygging"

Programmet er gjennomført i samsvar med plan og retningslinjer frå departementet. Det har vore samarbeid med representantar for kommunane og kompetansesenteret for rus, Kommunenes Sentralforbund – Hordaland og Høgskolen i Bergen. Det har vært gjennomført 2 x 3 opplæringsdagar. Om lag 300 sosialarbeidarar/leiarar har delteke i opplæringa. Tiltaket med regionale faglege fora som er etablert i Hordaland vil bli vidareført som ein viktig kompetansearena for sosialtenesta i kommunane - og for fylkesmannen og samarbeidsinstansar i fylket.

Ansvarsreforma for menneske med psykisk utviklingshemming

Kommunane - og fylkesmannen - sine oppgåver i samband med avvikling av tidlegare HVPU-institusjonar vart fullført. Då vart den siste bebuar ved ein slik institusjon utskreven til bolig og hjelpe tiltak i kommunen (Lindås kommune, Nordhordlandstunet).

Tilsynsutvalet, som har vore oppnemnd av fylkesmannen med heimel i forskrifter til avviklingslova, opphørde 31.12.01.

Handlingsplan for eldreomsorga

I samarbeid med fylkeslegen er det ma. gjennomført møter med kommunane og med samarbeidsinstansar, gitt munnleg og skriftleg informasjon/rådgjeving til kommunane, foreteke vurdering av handlingsplanar og gitt tilråding til Husbanken om byggeprosjekt frå kommunane. Vi har hatt god kontroll med økonomiforvaltninga av dei omfattande tilskottsmidlane som er knytt til handlingsplanen og utført kontinuerlig rapportering av plantal og økonomi til departementet. År 2001 var siste år med øyremerka driftstilskot under handlingsplanen. Alle kommunane i fylket oppfylte vilkåra for øyremerka tilskot. Det blei utbetalt 178 mill kroner i slikt tilskot (137 mill. i år 2000). I alt 21 byggeprosjekt i 10 kommunar fekk tilsagn om investeringstilskot på til saman 225 mill kroner. Ordninga med investeringstilskot held fram i 2002.

Unge ut av institusjon

Denne ordninga er under avvikling, og ingen nye utskrivingstilskot vart innvilga i 2001. Vi betalte imidlertid ut 2,5 mill. kroner i andreårstilskot og tredjeårstilskot til seks kommunar for 12 unge funksjonshemma som var innvilga tilskot tidlegare.

Handlingsplan for helse- og sosialpersonell

Rådgjeving og rapportering vart gjennomført i samsvar med krav frå departementet. Fylkesmannen og fylkeslegen har samarbeidd om oppfølgjinga av handlingsplanen.

Resultatområde 72 - Tilsyn og klagesakshandsaming

Tilsyn med institusjonar og bustadar med heildøgns omsorgstenester

Type tilsynsobjekt	Tal på inst. pr.31.12.01	Resultatkrev ifg.forskrift	Gjennomførte tilsyn 2001	Resultat
Aldersheim	43	86	29	34%
Avlastning- og barnebustad	27	54	23	43%
Rusinstitusjonar	10	40	19	50%
Sum	80	180	71	Snitt 42%

Fylkesmannen har gjennomført systemrevisjon av kommunane si forvaltning av sosialtenesta i 7 kommunar. I tillegg er utført slikt tilsyn av tiltak og i kommunar i samband med kommunane si

oppfølgjing av kap 6 A i sosialtenestelova "Begrensing og kontroll med bruk av tvang overfor enkelte menneske med psykisk utviklingshemming".

Klagesakshandsaming – lov om sosiale tenester (ekskl. kap 6 A)

Fylkesmannen mottok 657 saker til klagesakshandsaming. Dette er ein auke på 30 %, samanlikna med året før. I alt 629 saker vart ferdighandsama. I tilknyting til sakshandsaminga er det gitt informasjon til publikum ved besøk på kontoret, kontakt med ombuda i Bergen og rådgjeving til kommunane i einskildsaker og generelt. Ein meir omfattande rapport om klagesakshandsaminga vert sendt departementet.

Gjennom det meste av året har vi oppfylt målkravet om 6 vekers sakshandsamingstid.

Sakshandsaming kap. 6A i Lov om sosiale tenester m.m. ("Begrensing og kontroll med bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming")

Fylkesmannen mottok 8371 meldingar om ulike episodar der tvang er brukt. Dette omfatta 119 personar. (År 2000: 7686 meldingar/114 personar). Fylkesmannen realitetshandsama 30 saker om bruk av tvang som omsorgstiltak og 1 sak om bruk av tvang med tekniske innretningar. Ei klagesak der fylkesmannen hadde nekta bruk av tvang vart ført for "Fylkesnemnda for sosiale saker". Det vart gjennomført 10 tilsyn på bakgrunn av meldingar om tvangsbruk og 29 tilsyn som oppfølging av godkjente vedtak om bruk av tvang, i alt 39 tilsynsoppdrag (år 2000: 26).

Klagesakshandsaming - alkohollova

Fylkesmannen handsama 16 klagar over kommunale vedtak etter alkohollova. I tillegg utfordrar vi løver til skip og befalsmesser, handsamar søknadar om utvida skjenketid for einskildhøve og fastset bevillingsgebyr.

Resultatområde 73 – Tilskotsforvaltning m.v.

Sosial- og familieavdelinga har administrert fleire ulike tilskotsordningar på statsbudsjettet retta mot eldre og funksjonshemma i kommunane, samt budsjettfullmakter som gjeld drift- og informasjonstiltak. Eigne rapportar er sendt Sosial- og helsedepartementet.

III-8. OPPGÅVER PÅ KIRKE-, UTDANNINGS- OG FORSKNINGSDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

Trudoms- og livssynssamfunn

35 registrerte trudomssamfunn har søkt om tilskott. Samla utbetaling utgjer kr. 2.567.565. Samla medlemstal er 11.115.

5 uregistrerte trudomssamfunn har søkt om og fått utbetalte tilskott med til saman kr. 149.457. Medlemstalet utgjer 647.

Det er registrert 1 nytt trudomssamfunn.

Røykjelova

Ingen saker er handsama.

Kommunehelsetenestelov

5 saker er handsama.

Taubanelova

7 nye konsesjonar er gjevne.

Serveringslova

Vi har handsama 1 klage over kommunale vedtak etter serveringslova. Det har og gått med noko tid til rettleiing og informasjon pr. telefon.

Gravferdslova

23 søknader om askespriing er handsama.

Veglova

Vi har handsama 3 klagar om avkjørsle til riksveg.

VEDLEGG

Folketallsutvikling 1987 - 2001

Region

Kommune	01.01.1987	01.01.2001	% - utvikling
Etne	4070	3949	-3,0
Ølen	3083	3313	7,5
Sveio	4576	4674	2,1
Bømlo	9533	10844	13,8
Stord	14029	16238	15,7
Fitjar	3023	2978	-1,5
Tysnes	2902	2937	1,2
Kvinnherad	13172	13205	0,3
Sunnhordland	54388	0	58138
			6,9
Odda	8475	0	7629
Ullensvang	4020	0	3601
Eidfjord	1047	0	1003
Indre Hardanger	13542	0	12233
			-9,7
Jondal	1291	0	1145
Kvam	8708	0	8593
Fusa	3808	0	3735
Samnanger	2412	0	2303
Ytre Hardanger	16219	0	15776
			-2,7
Ulvik	1254	0	1210
Granvin	1081	0	1037
Voss	14054	0	13791
Vaksdal	4631	0	4203
Modalen	382	0	355
Voss og Omland	21402	0	20596
			-3,8
Bergen	209109	230993	10,5

Bergen	209109	0	230993	10,5
Os	12016		13977	16,3
Askøy	18410		20077	9,1
Fjell	13305		18534	39,3
Austevoll	4174		4440	6,4
Sund	4758		5183	8,9
Øygarden	2885		3712	28,7
Osterøy	6916		7064	2,1
Omland til Bergen	62464	0	72987	16,8
Meland	4281		5498	28,4
Radøy	4570		4573	0,1
Lindås	11346		12542	10,5
Austrheim	2617		2528	-3,4
Fedje	776		689	-11,2
Masfjorden	1929		1762	-8,7
Nordhordland	25519	0	27592	8,1
Hordaland	402643	0	438315	8,9
Landet	4174005		4503364	7,9
Utvikling i %, 1987 - 2001, Sunnhordland				6,9
Utvikling i %, 1987 - 2001, Indre Hardanger				-9,7
Utvikling i %, 1987 - 2001, Ytre Hardanger				-2,7
Utvikling i %, 1987 - 2001, Voss og omland				-3,8
Utvikling i %, 1987 - 2001, Bergen				10,5
Utvikling i %, 1987 - 2001, Omland til Bergen				16,8
Utvikling i %, 1987 - 2001, Nordhordland				8,1
Utvikling i %, 1987 - 2001, HORDALAND				8,9